

004062



LEINØY/BERGSØY
ARKEOLOGISKE UNDERSØKINGAR 1994
BUPLASSAR I NERØYMARKA

RAPPORT
ØYUNN KLEIVA
BERGEN MUSEUM

INNHALD

Innleiing	1
<u>Lok.1 Buholmlegene</u>	
Oppsummering av tidlegare undersøking	5
Årets undersøking: ei innleiande oppsummering	6
Feltarbeid	6
Stratigrafi	8
Strukturar	12
C-14 dateringar	16
Funn	21
Oppsummering	24
<u>Lok.2 Buholmvika</u>	
Oppsummering av forundersøking	25
Årets undersøking: ei innleiande oppsummering	25
Feltarbeid	26
Stratigrafi	29
Strukturar	30
C-14 dateringar	42
Funn	44
Oppsummering	51
<u>Lok.3 Buholmlegene</u>	
Oppsummering av tidlegare undersøking	52
Årets undersøking	52
<u>Lokalitetane i Nærøymarka:</u>	
oppsummering og perspektiv	53
<u>Nedre Berge</u>	54
Litteratur	55

Framsidedfoto:

Lokalitetane i Nærøymarka ved Straumen
Eggesbønes (Bergsøy) og Gurskøy bak.
Frå Leinebjørnen mot SV

Illustrasjonar i teksten

Oversikt området	
Lok.1 og 3	3
Lok.2	4

Lok.1:

Oversikt opna areal	7
Foto: avtorving	9
Profilar (stratigrafi, str.C1, pollenserie 1, C-14prøver)	11
Str. A	13
Str.C2	13
Str. C3/C1	14

Lok.2:

Oversikt opna areal	27
Nivå	27
Str. B1	31
Str. 10	32
Strukturkompleks plan	33
Strukturkompleks snitt	38
Profil A-V grøft (stratigrafi, strukturar, pollenserie 3)	39
Profil N-S 55Y (stratigrafi, strukturar, pollenserie 2, C-14 prøver)	41

Lok.3:

Oversikt opna areal	52
---------------------	----

Tabellar i tekst

Oversikt -93	1
Oversikt -94	1

Lok.1:

Lagoversikt -93/-94	10
C-14 dateringar	17
Funn -94	19
Funn -93/-94	20
Funn lag I/II	21
Funn lag III	22
Funnspreiing skifer	23

Lok.2:

Oversikt gravningsmetode felt C og D	28
Oversikt stolpehol	34
C-14 dateringar	42
Funn -94	45
Funn lag 2	46
Funn lag 3	47
Funnspreiing asbestkeramikk	49
Funnspreiing lag 2a	50
Råstoff	

Innleiing

I samband med bygging av ny bru mellom Leinøy og Bergsøy i Herøy kommune på Sunnmøre vart det i 1992 utført arkeologiske registreringar av tilførselsvegstraséar (Narmo 1992). Det vart då registrert 2 steinbrukande lokalitetar i planlagd utbygd område. Desse vart forundersøkt i 1993. Nyregistrering medførte funn av nok ein steinbrukande buplass. Alle i utmarka til Nærøygardar på Leinøy. På lok. 1 Buholmlegene og lok.3 Buholmlegene vart delvis utgrevne (Kleiva 1993).

På grunnlag av desse undersøkingane vart det i år sett igang vidare undersøking av lok.1 Buholmlegene og lok.2 Buholmvika. Buplassane vart grevne parallelt. I tillegg vart mindre inngrep utført på lok.3 Buholmlegene. Tabellen under oppsummerer opna areal og funnmengd ved fjorårets og årets undersøking.

1993

Lokalitet	Aksesj.B-nr.:	Opna areal	Funn	Strukturar
Lok.1 Buholmlegene	60/93 B-15080	19,25 kvm*	3765	2
Lok.2 Buholmvika	61/93 B-15081	**	63	
Lok.3 Buholmlegene	62/93 B-15082	4 kvm***	237	
Antal			4065	3

* + 17 positive prøvestikk

** 9 positive prøvestikk

*** + 5 positive prøvestikk

Berge, Nedre 29/6,9,7: 2 grøfter ca.7kvm

1994

Lokalitet	Aksesj.B-nr.:	Opna areal	Funn	Strukturar
Lok.1 Buholmlegene	60/93 B-15080	46,25*	2934	3
Lok.2 Buholmvika	61/93 B-15081	44**	2881	50
Lok.3 Buholmlegene	62/93 B-15082	16,5***	117	1
Berge, Nedre	98/94 B-15355	****	2	
Antal	4		5934	54

* I tillegg kjem vidare graving på fjorårets opna areal, + flateavd.

Inkluderar grøft

** Inkluderar grøft

*** Grøfter. I tillegg kjem flateavd.

**** Lausfunn ny parkeringsplass ved bedehus.

I tillegg er opna 2 grøfter på Berge 29/9.

Dei arkeologiske utgravingane i år var fordelt på 2 perioder á 4 veker og vart utført 18.4.-14.5. og 24.5.-18.6 (inkludert reiser til og frå). Tilsaman utgjer feltarbeidet 223 dagsverk. Arbeidet er i tillegg til underteiknande (feltalear) utført av:

18.4.-14.5.

Ståle Furnes
Yngve Rasmussen
Irene Skauen
Lina Snoek

24.5.-17.6.

Kari Berg
Jenny Fjellheim
Marianne Knutsen
Jonatan Krzywinsky
Frode Pilskog
Lina Snoek (24.5.-3.6.)

Om katalogisering/materialbehandling:

Leinøy/Bergsøymaterialet er katalogisert utifrå Indrelid 1990 med visse tilføyelsar. Vår katalogiseringsnøkkel ligg ved. Eit problem er å katalogisere yngre steinbrukandesartefaktar etter denne nøkkelen. Om det er tydeleg at avslag er resultat av flatretusjerings slagteknikk har vi tilføydd ein kommentar om dette i funnlista. Vidare er flatretusjeringsflis forsøkt kommentert. Dette har skjedd noko mekanisk for å forenkle funnbehandling, ved at alle funn under 4 mm har blitt kommentert som flis. Alt dette er ikkje flatretusjeringsflis

Retusjerte avslag har og blitt ein relativ vid kategori. Ein del av desse kan truleg betre knytast til meir direkte reiskapsrelaterte definisjonar som skrapar, kniv m.m.

Noko anna er at avslagsinndelinga skjuler dei reelle storleiken på tyngda av avslaga. Vi har her brukt Indrelid 1990, men vanlege avslag i materialet er sjeldan opp i mot grensene til makroavslag. Og det synest relativt uverkeleg å skilje 1 cm lange avslag frå 9 mm.

Kristin Gellein har katalogisert og utført anna funnarbeid i 4 veker. Resterande katalogisering samt anna etterarbeid har eg gjort.


Bru og anleggsvegar var under opparbeiding samstundes med den arkeologiske undersøkinga. Monsholm og Rotevatn ved det Vegvesenets lokale anleggskontoret sytte for at dette ikkje medførte større vanskar for oss og viste stor vilje til samarbeid. Det er imidlertid viktig at denne gravinga ikkje gir presedens for sprenging i nærleik av utgraving. Sjølv gode rutinar for sprengingsvarsling kan glippe og farlege situasjonar oppstå (rapport om avvik frå varslingsrutiner Kleiva 1994). Maskinell avtorving og grøfting ved maskinførar A. Myklebust.


Vegetasjonshistorisk undersøking vart utført i tilknytning til kulturlaga på lok.1 Buholmlegene og lok.2 Buholmvika av Nina Torske, Botanisk institutt ved Universitetet i Bergen. Resultatet av hennar pollenanalyser foreligg i eigen rapport.

Rapporten presenterar hovudtrekk i årets undersøking og resultat/tolkning. Det er i rapporten heile tida forsøkt å referere til samanhengar med fjorårsundersøkinga. Mange mindre oppsummeringar av relasjon mellom fjorårets og årets undersøking finns i denne rapportens underpunkt særleg kva gjeld lok.1 Buholmlegene. Likeeins er det på relevante teikningar kombinert års og fjorsårsresultat. Dette for å gi eit meir heilheitleg bilete. Sjølv om det er vanskeleg med tildels ulike metodikk (lok.1).

Teikningar i rapporten er forminska utgåver av utvalgte dokumentasjonsteikningar.

Dokumentasjon i form av teikningar er å finne i Bergen Museums arkiv. Vedlagt rapporten fylgjer liste over teikningar, kopiar av utvalgte foto, fotoliste (alle foto er i Bergen Museums fotoavdelings arkiv), funnlistar, strukturliste frå lok.2, samt papir knytt til dateringsprøver.






AL 101-1-25
Q 21
M: 1:1000
Ekv. 1m

Koord. syst.: NGO 1962
Høyde: NGO 1954

LOK. 2 BUHOLMVIKA



Landskap

Buplassane ligg sjøtilknytt på austre side av Straumen mellom Bergsøy Leinøy (på Leinøysida). Områda er no ikkje dyrka mark og har i det siste blitt nytta til beiteareal og består av lyngmark og myr. Buholmlegene (lok.1 og 2) er berre for tre, medan den noko lunare lok.2 Buholmvika har noko krattskog, samt litt planta grantre utanfor inngrepsområdet. på sørsida av Buholmvika, dvs. mellom buplassane renn Einedalselva som er årviss. Bak Buholmvikas bakke og flate og dei vidare og opne Buholmlegene stig fjellet Leinebjørnen opp.

Lok.1 Buholmlegene

Nærøy g.nr.24/5
B-15080, Aks.nr.60/93

Oppsummering av tidlegare undersøking

Lokaliteten ligg på ei flate mellom knausar ytterst på Buholmlegene mot Buholmen. På sørsida Grønevika og mot nordsida Buholmvika. Lokaliteten vart registrert av Narmo 1992. 1993 vart lokaliteten avgrensa av prøvestikk til å dekke flata og litt av bakkekanten mot Buholmvika i sør på eit samla areal på i underkant av 25m x 20m N-S. Området rundt nordleg bakkekant var klart funnrikast og her vart det i 1993 opna 2 mindre felt. Felt A 97-99,5X 96,5-99Y og felt C 100X-103X 96,5-99Y. Pga. tidspress var det her greve i 10 cm mekaniske lag solda på 4 mm med testsolding på 2 mm av SV kvadrant. Lag A i heile felta og lag B og C i områda nærast møtande profilar. Høgd over havet på topp funnførande lag varierar mellom ca. 8,3 og 7,05 m.

Det vart registrert ei stratigrafisk endring omlag 6 cm nede i lag A og omlag rundt skilje A og B, samt ein tendens i lag A generelt til meir humushaldig masse i sentrale delar og meir sandholdig masse i A og V (sjå teikning 94).

Det vart registrert 2 strukturar. Str. A i felt A lag A og kjem kring stratigrafisk endring innan lag A. Strukturaen var snitta og tolka som eldstad. Vidare kom str.C fram nær profilkryss SA i felt C.

Fjorårsundersøkinga ga 3765 funn totalt frå 19,25 kvm og 17 positive prøvestikk.

Funna var i hovedsak avslagsmaterial med få reiskapar. Pga. prikkhogd trinnøks og mikroflekker vart ei seinmesolittisk datering antyda, samt mellomneolittisk utifrå rombisk skiferspiss. Bipolare kjerner dominerte kjernematerialet.

Dateringsprøver låg for lok.1 som for lok.2 fyrst føre etter rapporten vart skreven. Desse opna augene for at også yngre steinbrukande faser var tilstades og det kan i ettertid seiast at dette også må ha vore synleg i avslagsmaterialet. Prøvene vert diskutert saman med årets C-14 dateringar.

Årets undersøking: -ei innleiande oppsummering

Målsetjinga ved årets undersøking har vore:

- 1) Avklare stratigrafiske forhold gjennom å grave profilbenk og nye austlege felt stratigrafisk
- 2) Vektlegge yngre steinbrukande tids bruk av buplassen
- 3) Undersøkje str. C1 betre

I år har eit areal på 46,25 kvadratmeter blitt opna, i tillegg kjem vidare graving på 2 felt opna i -93. 46,25 kvadratmeter inkluderar ei grøft N-S, 2 nyopna felt, samt graving av profilkryss mellom dei 4 felta. Undersøkinga ga 2934 funn og 5 strukturar som er spor av aktivitet knytt til fylgjande forhistoriske perioder:

Eldre steinalder:	Seinmesolittikum	7500-5200 år før notid
Yngre steinalder:	Mellomneolittikum	4700-3800 år før notid
	Seinneolittikum	3800-3400 år før notid
Yngre bronsealder		1000-500 år f.Kr.
Eldre bronsealder	Førromerk jernalder	500-0 år f.Kr.

(I rapporten blir tida frå seinneolittikum til og med førromersk jernalder ofte omtala som yngre steinbrukande tid eller fasar.)

I tillegg har vi spor etter bruk av område rett nord av buplassen i eldre jernalder; folkevandringstid 400-550 e.Kr.

Med ein så kompleks buplass som dette er det klart at prioriteringane må bli strenge og ein lyt godta at enkelte element blir lite belyst medan andre får meir fokus. Eg har forsøkt å få til ei avveging mellom å gi eit heilheitleg bilete av buplassen der alle fasar i ei viss grad er belyst svært overfladisk og litt meir konsentrasjon kring dei yngre fasar som var dårleg forstått ved fjorårsgravinga, samt prioritere str. C1. Totalt sett er likevel lok.1 i 1994 mindre prioritert enn lok.2 Buholmvika.

Feltarbeid


Feltperiode 1

Grøft N-S

Ei i hovudsak 0,5 m brei grøft N-S vart opna for å gi betre samanheng gjennom buplassen. Denne går frå 88x til 138x langs 110Y aksen (109,5) og er altså 50 m lang. Den går over flata i sør og ned bakken i nord og vidare eit stykke utover flata. I nordlegaste enden av grøfta kom ei steinpakning og trekol fram (str. G1), grøfta vart ikkje her greven til botns som elles, men feltet utvida noko. Grøfteprofilen er ikkje prioritert teikna bortsett frå gravningsrelaterte delar.

Felt B og D

Felt B og C vart maskinelt avtorva aust av profilkryss ved 100X100 Y for å gjere klar til stratigrafisk graving.



Felt A og C

Lag B vart greve ferdig på tilsvarande vis som i 1994. Lag C nær A-V profil i nord 100X profil i felt gravd ferdig. Str.C2, i felt C botn lag B, snitta. Ferdiggjering av mekanisk graving på desse felta frå i fjor vart utført av assistentar som utnytting av ventetid ved klargjering av andre felt ol.

2.periode

Hovudtrekk i tolkning av profil N-S 110Y og A-V 100X i felt C vart beholdt, men gunstigare verforhold i år gjorde det betre å sjå mindre inndelingar. Desse vart dokumentert og holdt saman med kvar prøver var teke ut i fjor. For å unngå forvekslingar med fjorårsnemningane samt årets lok.2 fekk laga nye nummer i romartal.

Felt B

98-99,5X 110,5-112Y

Felt D

100-102X 110,5-112Y

Samstundes vart det teke til å grave stratigrafisk i felt B og D. Lag I, II og III vart greve stratigrafisk. Deretter vart profilbenk avtorva og tilsvarande lag gravd. På dette viset vart alle resterande delar av struktur C1 blottlagd. Resterande avdi gravninga av felt C i 1993 skar såvidt inn i strukturen. I tilknytning til lag III vart ein struktur C3 avdekket, og gravd også i profilkryss. Str. C1 vart greven.

Det var meininga å grave stratigrafisk vidare i profilbenk og lag B og D. Pga. behov for folk på lok.2 vart dette nedprioritert. Resterande lag vart greve til botn i N-S profilbenk 100-101,5X 100Y.

All masse frå strukturar er solda på 2 mm, det er også SV-kvadrantar, samt enkelte NV-kvadrantar i profilbenk A-V (utan sørlege kvadrantar).

Tilslutt vart eit område sør på lokaliteten avtorva og flateavdekt i dei øvre lag for å søke etter strukturar i tilknytning til desse. Noko stein kom fram utan at det kunne seiast at desse utgjer strukturar.

Struktur i sørleg ende av grøfta (flate nedanfor bakken) utan tilknytning til lokaliteten elles vart snitta.

Stratigrafi

Lok.1 Buholmvika og lok.2 Buholmlegene har funn og dateringar frå same perioder. Stratigrafiske forhold og lagas karakter og bevaring på dei to buplassane er imidlertid svært ulike. Medan lok.2 har relativ enkel lagdeling der to lag er funnføre, og stratigrafien har klare fellestrekk gjennom heile buplassen, har lok.1 langt fleire lag som kan skiljast relativt klart frå ein annan. Dette har nok samanheng med at aktiviteten på lok.1 har vore av ein litt annan karakter, slik at eldre lag ikkje i same grad er forstyrre av yngre aktivitet som på lok.2. I tillegg kjem at også lagas konsistens er svært ulik på dei 2 buplassane. Medan lok.2 har eitt feit trekol og humusrikt lag under torva, dominerar på lok.1 også i yngre faser minerogent material, laga er i hovedsak kompakte og harde.



Tolkning av stratigrafi vart noko endra frå -93 til -94 pga. betre tid til å fokusere på dette, men også pga. innimellom betre ver og lysforhold enn i -93. For samanlikning av lagtolkning -93 og -94 viser eg til fjorårsrapporten og til teikningar særleg profildeikningar 93-17 og -18, 94-22 og -23. For å skilje tolkningane har vi år brukt romartal på laga.

Skilnaden i forståing ligg i hovudsak i at stratigrafisk lag 2 i -93 blir meir fininndelt. I frå topp lag I som meir er som eit tynt lysgult organiskprega skikt under torva, dette dekker berre delar av lokaliteten og er forsåvidt sett og innteikna i -93 (teikning 93-17). Deretter følgjer lag II, forsåvidt antyda som eit skilje i lag 2 i A-V profil-93 (teikning 93-18) og knytt til observert skilje under graving av mekanisk lag A i -93. Dette laget var vanskelg å sjå i -93 i N-S profilens nordlege delar(felt C), men er antyda i sør (felt A). Årets lag III utgjer imidlertid hovedyngda av fjorårets lag 2. Elles eindel skilje mellom lagdefinering i vestleg del av A-V profil.

Lag 6 er som lag VI avgrensa til kun strukturmassen i C1. Følgjande gir ei oversikt over lag og skildringar av desse samt relasjonar til lagtolkning i -93. At grensene mellom laga er finforskua litt her og der går ikkje fram av oversikta, men får til gjengjeld større konsekvensar for forståing av C-14prøvene frå -93.



-93	-94	Lagskildring
1	1	Torv
	I	Ca. 1 cm tynt skikt, lysgul organisk (never?), berre kring bakkeknekk, i N-S profil 110Y nordleg del og i delar av felt B, felt D + prøvestikk P28 (felt D). Laget er så tynt at sjølv om det er førsøkt gravd separat kan det ikkje skiljast funnmessig frå lag II som ligg under I.
2	II	Ligg mellom I og III og mellom torv og III der vi ikkje har lag I. Lys gråkvit finkorna sterkt sandhaldig jord, med enkelte trekolbitar , -utvaskingslag? Varierer i N-S profil mellom 1 og 6 cm djupn, er truleg gått for djupt i felt B pga. at underliggande lag III b er sterkt sandhaldig og lys. I A-Vprofilens vestkant er lag II opp i 16 cm, dette kan vere av same årsaker som felt B og at nedre delar her representerar lag III, eller det kan vere snakk om ei nedskjering frå lag II.
2	III	Ligg mellom under lag II og over lag IV utanfor strukturuområdet C1-/C3. Heterogen humushaldig sand/grus med eindele trekolbitar denne er tildels mørk meir humushaldig lag IIIa e. III mørk (=2a) og tildels lysare meir sandhaldig lag IIIb e1.lys/sand (=2b) Djupna ligg i hovedsak mellom 5 og 10 cm.
3	IV	Under lag III utanom strukturuområdet. Gul sand med noko brunleg preg. Ikkje trekol i laget. Djupna varierer mellom ca. 4 og 10 cm. Det er tildels stor likskap mellom IIIb og IV.
4	V	Undergrunn, lys brunleg kompakt sand/aur
5		Tynt (1-2cm) lyst gult sandskikt under topp heller C1 og struktur C3 i overgang til massen knytt til C1, lag VI (III/VI). Dette skiktet går noko utover struktur C1 både i nord og sør (III/IV).
6	VI	Masse i str. C1. Heterogen mørkbrun/svart humushaldig sand med finfordelt trekol.
6	VII	Massen er relativt lik lag VI i farge og konsistens , men ligg under str.C1 og vert å år tolka som lag IV under. Skilnad i farge frå lag IV er rekna som å stå i samband med at heller i str. C1 har beskytta meir mot nedbryting og utvasking av trekol i laget.



Leinøy/Bergsøy
Lok.1 Buholmlegene
Profil S-N 94-103X 110Y
1994
1:40

Leinøy/Bergsøy
Lok.1 Buholmlegene
Profil V-A 100X 106,5-109Y
1994
1:40

Strukturar

Lag III

Str.A

97X108SA-109SV

30 x 40 cm tverrmål, noko avlang. Ca. 9 cm djup. Konsentrert trekolhaldig masse over helle med steinar under og rundt. Under helle er massen grågul sand ca. 5 cm før massen igjen blir identisk med omgjevnad.

Funne i -93 under graving lag A på ca. 5-7 cm djupn, der det kjem eit stratigrafisk skilje knytt til meir stein. Den ligg altså i topp av -93s lag 2 og då 2a, dvs. dei mørkare meir humushaldige delar av laget. Det ligg imidlertid heilt i utkanten av dette (teikning 93-13/14). Etter graving -94 vil eg rekne denne strukturen for å ligge i topp lag III og skjere seg ned i dette laget.

Funna skil seg ikkje ut frå laget elles verken av art (avslag flint, kvartsitt, bergkrystall) eller mengd. Tolka som mogleg eldstad.

Str.C3

100X110Y

Under graving av lag III kom ei trekolhaldig lita rund steinsetting fram, ca.25 cm i diameter med sentrum i 100X110Y, det vart funne oker og bein i tilknytning til strukturen. Resultat av osteologisk analyse ligg ikkje føre. Str. C3 ligg over utkanten av C1, nær hellene som er tolka som toppheller til C1. Under strukturen ligg det gule skiktet som skil C1 ut. Strukturen ga ei datering kalibrert til 750-530 f.Kr, noko som støttar at strukturen kan sjåast i tilknytning til lag III og yngre bronsealder.

Lag VI

Str.C1


99,5-101X 109,5-110,5Y

Under utgravinga i -93 berørte fjorårets mekaniske graving vestleg del av ein struktur som då vart kalla C, men som no pga. fleire strukturar er komme til i felt C, er omdøyppt til C1.


Strukturen er omlag 1,5 m N-S (lokal) og 1 m A-V. Massen i C1 er kalla lag VI, denne er som tidlegare skildra heterogen mørkbrun/svart humushaldig sand med finfordelt trekol. Over denne massen ligg eit tynt skikt lysgul sand som dekker eit noko vidare område enn strukturen. Dette sandlaget ligg under ein del større heller som har omlag same utbreiing som det gule skiktet. C1 har tynne heller i sider og botn.

I underkant av lag III, og i dette gule skiktet er funne skiferspiss, slipt skiferemne og pimpstein. Ei av dei store hellene (B-15080-370a) og ein annan stein (B-15080-370b) i same nivå litt utanfor (99X110YSV), har paralelle riller som er glatta av sliping. (teikning 94-27, foto 94-9:25)


"Topphellene" kan forståast som å vere del av lag III. Dei kan imidlertid også sjåast som knytt til det gule skiktet som eg forstår i samband med str. C1.




Leinøy/Bergsøy 1993
 Lok.1 Buholmlegene
 Planteikning felt A og C
 Etter graving mekanisk lag A
 Struktur A
 1:40




Leinøy/Bergsøy 1993/94
 Lok.1 Buholmlegene
 Planteikning felt A og C
 Etter graving mekanisk lag B
 Struktur C2
 1:40



Leinøy/Bergsøy 1994
 Lok.1 Buholmlegene
 Plan etter graving lag III,
 Bortsett frå struktur C3 (botn lag III)
 Heller knytt til C1
 1:40



Leinøy/Bergsøy 1994
 Lok.1 Buholmlegene
 Resterande delar av C1 toppplan
 Plan etter graving lag III også str.C3,
 1:40



Leinøy/Bergsøy 1994
 Lok.1 Buholmlegene
 C1 etter fjerning toppheller og graving lag VI
 1:40

Funn i lag VI er prega av at strukturen er skoren ned i lag VII. Imidlertid finns det 12 moglege makrofossilar i C-14prøva, desse er ikkje analysert.

Dateringsprøve gir ukalibrert 4240 +/-100 år før notid. Dvs. mellomneolittisk datering.

Noko som ikkje vart heilt 100% avklara med årets undersøking er relasjonane til hellene i felt A inn mot N i A-V profil 99X 109Y NA. Slik eg forstår det avgjer tolkning av dette, lengda av str. C1 i botn. Om det kunne sjå ut som om strukturen strekker seg så langt sør ved fjorårsundersøkinga, går eg i år bort frå dette då eg trur desse kan forståast best i relasjon til steinpakning omtalt under. Vertikalt ståande heller/stein (teikning 94-28-2) synest å avgrense struktur C1 mot N og S. til ei lengd på ca. 1,5 m, breidd bortimot 1m. Største djupn i profil 110Y ca. 15 cm ekskludert tynt sandskikt.

Lag IV?

Str. C2

101X108Y

Str.C2 er ein struktur som truleg kom fram under graving av lag B, det vart etter at lag B vart gravd fortalt om ein del skjørbrent stein og mykje trekol. Det er difor sannsynleg at dei strukturspor vi har ved overgang til lag C (teikning 94-25), er botnen på strukturen. Pga. dårlege funnomstende er det difor avgrensa kva ein kan sei om strukturen.

På overgang til lag C kan den sjåast som ca. sirkulær 130cm x 110cm med trekolhaldig sand. Grensene er noko flytande i forhold til laget elles. I sørleg del står ein del mindre steinheller vertikalt. Strukturen ligg elles nær ein del større stein i nord.

Eit snitt er lagt i restane av strukturen. Tolkninga av snittet stadfestar at heller og stein i sør er knytt til avgrensing av strukturen. Pga. kvaliteten på dokumentasjonen kan det likevel ikkje seiast noko om djupna på dei resterande delar av strukturen. Utifrå generell lagtolkning vil eg tru, sjølv om området er greve mekanisk, at strukturen høyrer til lag IV. Måten å sette opp heller på minner imidlertid meir om str.C1.

Det er berre funn frå dette snittet som er ført opp i lista som funn frå str.C2, i røynda er delar av 101X108Y lag B funn frå strukturen. Ein del funn der er varmprega. Ei sterkt forvittra prikkhogd trinnøks, B-15080-232, vart i fjor funnen stikkande opp av lag B ved steinane i nordenden av strukturen (102X108YSA) (teikning 93-14).

Steinpakning

Etter graving av lag III kom toppen av ein del mindre stein fram sør av struktur C1-C3, i lag IV samt aust av str.C1 etter graving denne kan relaterast til stein i N-S profil rett sør av profilkryss samt steinkonsentrasjon i felt A etter graving lag B. Det er interessant at dette kanskje knyter seg til botn utbreiing av mørkare meir humushaldige delar av lag III event. IV.

Strukturar utanom sentrale gravningsareal:

Str. G1

Trekolkonsentrasjon 126-127X 109-110Y

Steinpakning 124-126X 108-110Y

Under opning av N-S grøft kom vi på flata nordanfor lokaliteten bort i en konsentrasjon av godt bevart trekol, i store bitar. Dette låg i tilknytning til ei steinpakning. Steinpakning og trekolkonsentrasjon låg umiddelbart under torva som her er omlag 30 cm djup. (teikning 94-21b).

Grøfta som her vart utvida litt mot vest, avdekkar ein bit av steinpakninga, ikkje heile. På det breiaste, mot vest, er steinpakninga på 3,8 m. Den går inn i begge profilane. Det er ikkje gått igjennom steinpakninga.

Heller ikkje trekolkonsentrasjonen er totalt avdekt. Den går 55 cm mot vest utfrå 110Y-profilen, og har ei lengd langs same profil på vel 1 m. Det som er avdekket gir ein relativt regelmessig halvsirkelform, så det kan ver at strukturen totalt er rund med ein diameter på ca. 1 m. Den ikkje heilt brende trekolbitkonsentrasjonen er ca. 5 cm tjukk og ligg over eit tynt lysbrunt svært humushaldig lag som vi tolkar som torv over eit mørkebrunt og trekolhaldig skikt. C-14 prøva er frå større trekolbitkonsentrasjon under 30 cm torv.

Utifrå høgd over havet og klare brot i kontekst var det tydeleg at vi her var bort i ein bruk av området som ikkje var knytt til buplassen. Strukturane har ikkje blitt prioritert vidare avklara. Bortsett frå ei C-14prøve frå trekolbit frå trekolkonsentrasjon som kalibrert gir 420-550 e.Kr, dvs. slutten av folkevandringstid.

C-14 dateringar

10 trekolprøver er C-14 datert frå lok.1 Buholmlegene.

4 av desse frå undersøkinga i 1993 og 6 frå 1994.

Som for lok.2 kom resultatet frå 1993-prøvene fyrst etter rapport då var levert, desse vil difor bli kommentert her.

Prøvene frå lok.1 består av to seriar, ein på 3 prøver frå 1993 (93-2, 93-3, 93-4) og ein på 4 prøver frå 1994 (94-2, 94-3, 94-4, 94-5).

Vidare består dei av ei dateringsprøve frå 1993 frå lag (94-7), samt frå 1994 str. C3 og frå str.G1 i sjakta utanom buplasskonteksten.

Seriane er uttekne relativt nær kvarandre og i 1994 i tilknytning til pollenserie 1 (sjå teikning nr.22). Grunnen for at det vart teke to slike seriar nær kvarandre var årets vurdering av stratigrafi. Årets stratigrafivurdering strir i hovudtrekk ikkje med fjorårets, men nok til at dette får konsekvensar for vurdering av dateringsprøvene.

Betre ver og tid til å grave stratigrafisk i år ga større fininndeling av stratigrafien og derved får prøvene frå -94 betre kontekst.

94-serien er og meir fullstendig i det den daterar fleire lag. Dei 2 seriane er tekne slik at dei inkluderar str. C1. Massen i lag C1 vert kalla lag VI.

Fleire av prøvene frå fjorårsserien blir difor tolka som noko blanda og blir sjølvsgt vurdert utfrå årets stratigrafiske vurdering.

Det var likefullt dateringsprøvene frå 1993, trass sine klåre manglar, som opna augene for at lok.1 såvel som lok.2 hadde vore nytta utover periodane daterande artefakter peika mot nemleg seinmesolittikum - mellomneolittikum. At også yngre steinbrukande perioder var representert vart ved gravinga stadfesta av daterande artefakter.

Struktur/ lag	Prøvenr.	Lab.nr.	Ukalibrert B.P.	Kalibrert år f.Kr.
Lag 2 (lag II/III)	B-15080 93-7	Beta-70792	2290+/-80	400-350 310-210
Lag 2 (lag III)	B-15080 93-4	Beta-70791	2590+/-80	820-770 620-600
Lag 5 (lag III/ skikt, ev. lag VI)	B-15080 93-3	Beta-70790	3030+/-70	1390-1150
Lag 6 (lag VII/ ev. lag VI)	B-15080 93-2	Beta-70789	5740+/-140	4770-4450
Lag II	B-15080 94-2	Beta-74212	2460+/-70	770-410
Lag III	B-15080 94-3	Beta-74213	2360+/-70	480-460 420-380
Lag VI =Str.C1	B-15080 94-4	Beta-74214	4240+/-100	2920-2860 2820-2670
Lag VII	B-15080 94-5	Beta-74215	6220+/-190	5320-4930
Str.C3	B-15080 94-12	Beta-74217	2530+/-60	790-750 700-530
Str.G1	B-15080 94-9	Beta-74216	1590+/-50	420-550 e.Kr.

C-14 dateringar
Lok.1 Buholmlegene
Leinøy/Bergsøy

Prøver frå -93:

Prøve 93-7 skulle datere lag 2, denne er teke frå lag III, ved 98X 110Y, men pga. finndeling av lag 2 i II og III, er prøva i berøring med lag II. Berøring til lag IV ikkje vesentleg då det i dette laget ikkje finst trekol.m. Denne prøva gir ukalibrert ei datering 2290+/-80 år før notid. Kalibrert til 430-350 og 310-210 f.Kr.

Serie 93:

Prøve 93-4 frå lag 2, som vi etter 1994-undersøkinga meiner representerar ei prøve frå lag III, var datert til 2590 før notid (ukalibrert), kalibrert til 820-770 og 620-600 f.Kr.

Prøve under 93-4: 93-3, skulle datere lag 2 botn, denne har lag III plassering, men går ned gjennom det islerande sandskiktet over str.C1 og kan derved også ha eit innslag av lag VI i seg. Er datert til ukalibrert 3030 år før notid, kalibrert 1390-1150 f.Kr.

Prøve 93-2 som skulle datere lag 6, finndeling av lag 6 gjer at denne daterar lag VII under struktur C1. Dateringa ga 5740 +/-140 år før notid ukalibrert. Seinmesolittisk datering her forbausar ikkje, men prøva ligg litt høgt etter årets vurdering og kan difor, men må ikkje nødvendigvis, inkludere noko masse frå lag VI, str. C1.

Trass ikkje optimale prøveuttak stratigrafisk etter årets vurdering fortalte dateringane med stor styrke at vi her hadde yngre faser. Dette stadfestar 1994 prøvene såvel som funna.

1994-dateringane ga fylgjande resultat:

Lag II. Prøve 94-2 ga ukalibrert 2460+/-70 år før notid, kalibrert til 770-410 f.Kr, dvs. yngre bronsealder overgong til førromerskjernalder.

Lag III. Prøve 94-3 ga ukalibrert 2360 +/-70 år før notid, kalibrert til 480-460 og 420-380 f.Kr., dvs. førromersk jernalder.

Lag IV er ikkje datert pga.trekolmangel, sjå forøvrig om lag VII.

Lag VI = str. C1. Prøve 94-4 er datert til 4240+/-100 år før notid ukalibrert. Dvs. mellomneolitikum.

Lag VII. Prøve 94-5 er datert til 6220+/-190 år før notid ukalibrert. Dvs. seimesolitikum.

Str.C3. Prøve 94-12 er datert til 2530+/-60 år før notid ukalibrert. Kalibrert til 790-750 og 700-530, dvs. yngre bronsealder.

Str. G1 utanom buplass i grøft, prøve 94-9, er datert til 1590 år før notid ukalibrert. Kalibrert til 420-550 e.Kr., dvs. folkevandringstid. og syner at området var i bruk i seinare perioder på anna vis. Prøva er teken frå ca. 5 cm tjukt trekollag under 30 cm myr. Trekolbitane er ikkje fullstendig brende.

Forholdet mellom lag II og III er interessant. Deponeringsmessig synest laga stratigrafisk isolert. Funnmessig gir dei båe funn som er karakteristiske for periodane: avslag m.m. med klart opphav i flatretusjeringsteknikk (flatret. preg på overflate), flatretusjeringssflis og asbestkeramikk. 2 standardavvik (95% sannsynlegheit) i kalibreringa gir overlappende tidsrammer. Det er eitt standardavvik (68% sannsynlegheit) som gir lag II høgare alder enn lag III. Årsaka til at lag II gir høgare kalibrert alder enn underliggande lag III kan vere at prøva i lag II er henta frå ein av dei i lag II jamnt spreidde trekolbitfragmenta i eit elles trekolfattig lag. Trekolfragmenta kan sidan dei er relativt godt bevarte stamme frå eldre treverk.

Rapport Arkeologiske utgravingar Leinøy/Bergsøy 1994

Type	Kode	FL	M Y	BK	KV	KS	SK	L A	B A	SS	UK	Sum
vanleg flekke	1.1.1	1										1
smalflekk	1.1.2	3							1			4
mikroflekk	1.1.3	7		2								9
a særleg kjernefr.	1.2.2	2		2								4
flekkelikn. avslag	1.2.3	1										1
avsl. slipt bergart	1.3.2								2			2
bit	1.4	2		21	10	7						40
avslag makro	1.5.1	5			3	2	3					13
avslag vanleg	1.5.2	476	1	147	48	118	3		4		1	798
avslag mikro	1.5.3	897		298	134	386	4	1		1		1721
kjerne med to pl.f.	2.2	1										1
bipolar kjerne	2.3	13		6								19
anna kjerne	2.4			2	1							3
bipolar kjernefragm.	2.5.3	6		3		2						11
anna kjernefr.	2.5.4	8		4		4						16
spiss?	9					1						1
tverregga spiss	9.2.	1										1
flatretusjert spiss	9.4.1	1										1
overfl.ret. spiss ?	9.4.2			1								1
emne til fl.ret. spiss?	9.4.4											3
skiferspiss	9.6.2						1					1
slipt skiferemne	9.6.6						3					3
skiveskrapar	11.1	1										1
endeskrapar	11.2.1					1						1
retusjert avslag	12.1.0	18		8	1	10						37
retusjert avslag v	12.1.2	17		9		12						38
retusjert avslag m	12.1.3	1										1
retusjert smalflekk	12.2.2					1						1
ret. mikroflekk	12.2.3	3				2						5
slipeplate	15.1									10	2	12
knakkestein	15.2					1					1	2
malestein	15.4										2	2
pimpstein	15.5											22
pimpstein m slitespor	15.5.1											2
asbestflis	20.2.1											71
asbestkeramikk	20.2.2											55
bein	24.0											6
vassrulla	93.			1								1
oker	95.3											3
råstoffblokk	96				3	1						4
flintknoll	97	4										4
vassrulla flintavslag	98.	1										1
makrofossil (ikkje rekna inn)												13
Sum		1469	1	504	200	548	14	1	7	11	6	2934

+ ein kleberbit tapt

Funnoversikt
Lok.1 Buholmlegene
1994: 2934 funn

Rapport Arkeologiske utgravingar Leinøy/Bergsøy 1994

Funntype	FL	M Y	R H	BK	KV	KS	SK/ LA	BA	SS	UK	SUM
vanleg flekke	8					1					9
smal/mikroflekk	43			16		3		2			64
avsl. slipt bergart								5			5
avslag/bit	3249	1	1	1276	290	1271	35"	37	1	1	6162
bipolar kjerne*	30			11		4					45
anna kjerne**	14			12	1	5					32
prikkeogd trinnøks								1ø			1
spiss?						1					1
tverregga spiss	1										1
flatretusjert spiss	1										1
overfl.ret. spiss ?				1							1
emne til fl.ret. spiss?										3	3
skiferspiss							2				2
slipt skiferemne							3				3
skrapar	3					1					4
retusjert avslag	50			20	1	27					98
ret. div.flekke	6					4					10
slipeplate									11	3	14
knakkestein						1				4	5
malestein										3	3
pimpstein											43
pimpstein m slitespor											4
asbestflis											73
asbestkeramikk											55
bein											6
vassrulla	6			1							7
oker											4
råstoffblokk					3	1					4
flintknoll	10										10
makrofossil											13
uvisst										16	16
	3422	1	1	1337	295	1319	40	45	12	30	

+ tapt kleberbit

* -kjerne og kjernefr.

** -kjerne og kjernefr. - alt anna enn bipolar

@ -diabas

-av retusjert flekker er 1 vanleg flekke

"-truleg er ein relativ stor del av skiferavsl. -93 slipt

Funnoversikt.

Lok.1 Buholmlegene

93/94: 6699 funn

FL = flint

ML = mylenitt

RH = rhyolitt

BK = bergkrystall

KV = kvarts

KS = kvartsitt

UK = ukjendt

SK = skifer

LA = labradoritt

BA = bergart

DB = diabas

GR = grøntstein

SS = sandstein

Funn

Ved årets graving kom 2934 funn fram.

Rekna saman med fjorårets har lok.1 totalt gitt 6700 funn.

Funntype	Kode	FL	EK	KV	KS	SK	LA	SUM
smalflekk	1.1.2	1						1
mikroflekk	1.1.3	1						1
a særleg kjernefr.	1.2.2		1					1
bit	1.4	1	6	1	1			9
avslag makro	1.5.1				1			1
avslag vanleg	1.5.2	106	31	2	34			173
avslag mikro	1.5.3	178	74	5	149	2	1	409
bipolar kjerne	2.3		1					1
bipolar kjernefragm.	2.5.3	2	1					3
anna kjernefr.	2.5.4	1	2					3
slipt skiferemne	9.6.6					1		1
retusjert avslag	12.1	5	3		3			11
pimpstein	15.5							1
asbestflis	20.2.1							63
asbestkeramikk	20.2.2							52
råstoffblokk	96				1			
makrofossil								1
SUM		295	119	8	189	3	1	732

Funnoversikt
Lok.1 Buholmlegene
Lag I/II: 732 funn

Eit spesielt lausfunn

Ein flatretusjert liten spiss av seinneolittisk type B-15080-264 kom fram under avtorving av felt D, då maskina gikk litt for djupt og laga eit hakk i lagpakka. Dette er utanfor gravd område, då noko større felt enn det som vart gravd vart opna for å gi betre plass under graving. Ingen andre lag eller funn frå utgravd område kan sikkert knytast til ei seinneolittisk fase. Det har vi derimot på relativt nærliggande lok.2 Buholmvika.

Lag I, II og III: Yngre steinbrukande tid.

Lag I, II og III blir omtalt i same avsnitt pga. nærleik dateringsmessig og funnmessig.

Ein del funn er framkome under forsøk på å grave lag I. Skiktet er tildels tynnare enn at det let seg gjere å isolere funn og eg reknar funna for å tilhøyre lag II. Dette også utifrå lag I's karakter, som ikkje synest som eit kulturlag i vanleg forstand, det er svært organisk og har eit neveraktig preg. Funn frå graving av lag I og II blir omtalt som eitt og det same, nemleg lag II. Lag I/II gir 732 funn. Avslag ber klart preg av å vere flatretusjert. Dessutan flatretusjeringsflis.

Lag III (1057 funn) er funnmessig svært lik lag II, igjen er det flatretusjerte avslag og flis. Både lag II og III har asbestkeramikk og asbestflis. Det er større mengder i lag II enn i lag III. Asbestkeramikken er konsentrert til 2 kvadrantar, 99X 110Y SV og 99X 111Y NA. I A-V profil vart det i lag III funne ein kleberbit som sidan er komen bort.

Som for lok.2 har vi den situasjonen at funn frå underliggende lag er kome inn i yngre, avdi yngre aktivitet tildels berører eldre. Dette er imidlertid langt mindre omfattande på lok.1, der dei ulike laga i langt sterkare grad bevart. Lok.1 er fyrst katalogisert og i motsetnad til lok.2 er det ikkje sikkert at alle mikroflekkeliknede avslag som eigentleg tilhøyrer flatretusjeringsavslagningsteknikk er katalogisert som avslag (fl.ret.). Dette kan forklare samanlagt 5 mikro/smalflekk (-liknande)fragment i lag II og III.

Forstyrning av mellomneolittisk lag er imidlertid truleg forklaring på ein heil del skiferfunn i desse øvre laga. Den yngre steinbrukande aktiviteten har forstyrra mellomneolittisk fase på buplassen. I kva grad er verre å sei.

Funntype	Kode	FL	M Y	BK	KV	KS	S K	B A	S S	U K	Sum
mikroflekk	1.1.3	1									1
flekkelikn. avslag	1.2.3	1									1
bit	1.4			3	8	2					13
avslag makro	1.5.1	2					1				3
avslag vanleg	1.5.2	142	1	42	16	51	1	3		1	257
avslag mikro	1.5.3	371		104	65	156	1				697
bipolar kjerne	2.3	4									4
anna kjerne	2.4				1						1
bipolar kjernefragm.	2.5.3	3									3
anna kjernefr.	2.5.4	3		2							5
skiveskrapar	11.1	1									1
endeskrapar	11.2.1					1					1
retusjert avslag	12.1	13		6		9					28
ret. mikroflekk	12.2.3	2				1					3
slipeplate	15.1								8		8
malestein	15.4									2	2
pimpstein	15.5										12
pimpstein m slitespor	15.5.1										1
asbestflis	20.2.1										8
asbestkeramikk	20.2.2										3
oker	95.3										1
råstoffblokk	96				1						1
flintknoll	97	3									3
		546	1	157	91	220	3	3	8	3	1057

+ 1 kleberstykke tapt

Funnoversikt
Lok.1 Buholmlegene
B-15080
Lag III: 1057 funn

Lag VI og skiferfunn generelt

Str. C3 har skiferfunn av mellomneolittisk karakter knytt til seg (rombisk spiss). Det vart også i fjor funne ein rombisk skiferspiss (labradoritt). Denne vart funne relativt høgt i mekanisk lag A. Det er difor sannsynleg at andre skiferfragment høyrer til same fase. I dei mekaniske laga A /B gravd både i fjor og i år, synest skiferfunna i hovudsak å kome innan dei øvste 10 cm (lag A) samt i topp av lag B dei nederste 10 cm.

	97X	98X	99X	100X	101X	102X
106,5Y		2	2	1		
107Y		1	1			
108Y		1		15		
109Y			4	3	1	1
110Y			2	1		
111Y				3	2	

Funnspreiing

Skifer/labradoritt 40

Lok. 1 Buholmlegene

Lag VII/IV

Den stratigrafiske gravinga i år har i liten grad konsentrert seg om mellomneolittisk og seinmesolittisk fase, med unntak av str. C1 og lag VII umiddelbart under. Disse har henholdsvis gitt mellomneolittisk og seinmesolittisk datering. Medan skiferen talar sitt språk, fortel mikroflekkene og trinnøksa ei anna historie.

Mykje av materialet frå desse fasene er framkomne under mekanisk graving i felt A og C som er einaste så og seie totalgravde areal på buplassen bortsett frå stratigrafisk gravd profilbenk (i samband med graving av str. C1).

Det har vore vanskeleg å få datert lag IV, pga. trekol så og sei manglar. Det har vore antyda at det synest naturleg å sjå lag VII som betre bevart, mindre utvaska variant av lag IV. Dette vil i så fall gi ei seinmesolittisk datering av lag IV.

Korvidt lag IV berre er seinmesolittisk eller også -utan stratigrafisk skilje- inneber ei mellomneolittisk fase er usikkert. Utifrå i kva nivå skiferfunna kjem kan det synest som mellomneolittisk fase er omdanna -med unntak av areal kring struktur.

Råstoffordeling

Eg synest ikkje funnmengda av stratigrafisk lag IV/VII er stor nok til å ta dette med i ei råstoffordelingssamanlikning. Det eg har gjort er å bruke mekanisk greve lag B. Dette inneheld i hovudsak funn frå lag IV/VII, men kan ikkje seiast å vere identisk, funn frå lag III kan vere forstyrrende. Imidlertid kan det gi ein tendens i forhold til lag I/II og lag III.

Råstoff	Lag I/II (%)	Lag III (%)	Lag B -93-94 (%)
Flint	48	53,3	61,1
Bergkrystall	19,4	15,3	22,1
Kvarts	1,3	8,9	4,7
Kvartsitt	30,7	21,5	10,5
Skifer/labr.	0,6	0,3	0,5
Mylonitt		0,1	
Bergart		0,3	0,8
Rhyolitt			0,1
Ukjendt		0,3	0,2

Om det kan lesast noko ut av denne samanlikninga så er det kanskje at det er mindre kvartsitt i lag B, dvs. enno mindre i lag IV. Vidare at flintinnhaldet er større i dei eldre faser. Rhyolitten er kommentert i fjorårsrapporten.

Oppsummering

Lok.1 Buholmlegene har restar av forhistorisk busetjing i seinmesolittikum (prikkhogd trinnøks, mikroflekke), mellomneolittikum (rhombiske skiferspissar) og yngre bronsealder -fjerrømersk jernalder (flatretusjert material og flis, råasbest, asbestkeramikk og kleber). I tillegg finns seinneolittisk funn med uklar lagtilhøyring. Buplassen har konstruksjonsspor knytt til fleire av desse fasene.

Lag VII under strukturen har seinmesolittisk datering og vert sett i samband med lag IV utanfor strukturen. Str.C2 vert forstått som tilhøyrande lag IV. I tilknytning til denne er det funne ei prikkhogd trinnøks.

Skifermaterial i høgare lag fortel at mellomneolittisk fase er forstyrra. Dette gjeld ikkje str. C1 med mellomneolittisk datering (lag VI). Tolkinga av kva denne helle sette rektangulære konstruksjonen er, er relativt open. Kanskje er det ei grav, kanskje eldstad.

Lag III og II representerar dei yngre fasar på buplassen. Knytt til flatretusjert avlagsmaterial og flatretusjeringsflis. Ein fin kvit kvartsitt er i denne samanheng verdt å merke seg. Same slag som på lok.2. Ein kleberbit vart funnen i lag III i A-V profil, denne er diverre tapt. Lag III, men i all hovudsak lag II har relativt mykje asbestkeramikk på eit avgrensa areal.

Det kom ikkje fram konstruksjonsspor knytt til dei yngste laga som kan tolkast som stolpehol og slik knyttast til husstrukturar. Avlagsmengda peikar likevel mot at dette har vore sentrale areal. At to så dateringsmessig nærme lag som II og III har godt lagskille, viser kanskje til eit opphald i busetjing eller til skifta bruk av lokaliteten. Lag III er meir humushaldig enn lag II.

Det kan også sjåast eit skille innad i lag III (a-b/mørk-lys), som kan saman med steinpakning under lag III, eventuelt forståast som tilknytt hus. Denne steinpakninga kan imidlertid lettare forståast i samanheng med eldre fasar (lag IV).

Str. C3 i botn av lag III er datert til eldre bronsealder. Dette er ei lita steinsetting med trekol, oker og pattedyrsbein. Ein del heller rundt kan forståast som topp str. C1 eller som tilhøyrande lag III. Str. A blir også forstått som relatert til dei yngre fasar på buplassen.

Heile flata har funn sjølv om det er mest i nordlegaste delar ved bakkeknekk. Det har ikkje vore tid til å vurdere den totale utbreiinga av dei ulike fasene i plan. Men utifrå grøfteprofilen ser både lag III og IV ut til å fortsetje så langt sør som funnutbreiinga frå prøvestikka viser. Om begge desse laga er funnførande så vidt er usikkert.

I nordenden av grøfta, ikkje knytt til buplassen kom ei steinpakning og ein trekolskonsentrasjon som gir datering til folkevandringstid fram under torva. Dvs. eigentleg i torva avdi under trekolet vart ein torvhorisont observert. Desse strukturane ligg svært lågt (3,56 moh) og kan ha vore bortimot sjøtilnytt i perioden.

Lok.2 Buholmvika

Nærøy g.nr-24/45

B-15081, Aks.nr.61/93

Oppsummering av forundersøking

Lokaliteten ligg nord for Buholmlegene i Buholmvika. Sjå vedlagt kart. Lokaliteten vart registrert av L. E. Narmo 1992. Lokaliteten vart forundersøkt sommaren 1993 (Kleiva.1993).

Forundersøkinga avgrensa ved 19 prøvestikk funnførande areal til omlag 35 m A-V, 10 m N-S. Enkelte prøvestikk synte at horisontal spreining av trekolhaldig lag var noko vidare enn funnførande. Lokaliteten låg delvis i traseen til tilførselsveg til ny bru Leinøy/Bergsøy (Buholmlina), dels utanfor mot aust.

Funna (63 stk.) låg i det som vart definert som lag 2 og lag 3. Få funn var diagnostiske. Klårast peikepinn mot datering ga prøvestikk S1. Funn frå dei nederste delar av funnførande antyda der ei datering innanfor ramma seinmesolittikum-mellomneolittikum. Resultat av C-14 prøver låg ikkje føre då innberetning frå forundersøkinga vart skreve.

To trekolprøver frå forundersøkinga vart seinare datert (mars 1994). Prøve B-15081-1 frå nedre del av lag 2 i prøvestikk S1 ga ei ukalibrert datering til 3850+/-90 BP, kalibrert til 2460-2150 f.Kr. Prøve B-15081-2 frå lag 2 i prøvestikk S4 ga ei ukalibrert datering til 3630+/-100 BP, kalibrert til 2130-1880 f.Kr. Dateringsprøvene blir diskutert saman med årets dateringsprøver. Det vart ikkje funne tilstrekkeleg trekolmateriale til datering av lag 3.

Ved oppstart på årets undersøking var vår viten om lokaliteten at om funn frå nedre nivå peika mot seinmesolittikum-mellomneolittikum, konstaterte C-14 dateringane i nedre del av lag 2 yngre bruk av området.

Årets undersøking: -ei innleiande oppsummering

Undersøkinga i 1994 har hatt som siktemål:

- 1) Å forsøke å avklare stratigrafiske forhold jfr. det lange tidsrom buplassen antyda gjennom diagnostiske steinartefakter og dateringar.
- 2) Å sjå nærare på yngre steinbrukande tids bruk av lokaliteten då denne perioden i liten grad er representert ved undersøkte buplassar.

Totalt vart eit areal på 44 kvadratmeter opna. Dette inkluderar ei maskingravn grøft A-V tvers gjennom buplassen og 4 mindre felt (A-D). Undersøkinga av buplassen ga 2881 funn. 50 strukturar, i hovudsak stolpehol, vart funne.

Lokaliteten er busett i tidsrom innanfor fylgjande generelle perioder:

Eldre steinalder	Seinmesolittikum	7500-5200 år før notid
Yngre steinalder	Mellomneolittikum	4700-3800 år før notid
	Seinneolittikum	3700-3400 år før notid
Eldre/Yngre bronsealder		1800-500 år f.Kr.
Førromersk jernalder		500-0 år f.Kr.

Buplassaktivitet knytt til tidsrommet seinneolittikum-førromersk jernalder dominerar buplassen i det dei eldre fasene er forstyrta. Strukturar på flata og øvre del bakke vert tolka som konstruksjonsspor knytt til bygningar. Pollenanalyser viser at det innanfor dei yngre fasene er dyrka korn og lin.

I tillegg viser ein struktur i torva at området og har vore nytta, om ikkje så intensivt i merovingartid (550-800 e.Kr.).

Feltarbeid

All masse bortsett frå maskinelt fjerna masse og "grove" ruter (sjå seinare) i felt C og D er vassolda. Sørvestre kvadrantar er solda på 2mm for å betre fange opp flatretusjeringsflis. Resten er solda på 4 mm.

1.feltperiode

Grøft

Innleiingsvis vart ei grøft opna maskinelt gjennom buplassen A-V for å gi heilheitleg stratigrafisk oversikt.

Grøfta er lagt langs 50X aksa frå 33Y til 56Y, grøfta strekker seg derfrå vidare til 51,20X 66Y, dvs. ca. 33m. Grøfta har omlag 1/2 m breidde, dvs. i stordelen av grøfta går frå 50X-50,5X, dvs. 16,5 kvadratmeter. Sørprofil er gjengitt på teikning 94-2,3 og 4.

Grøfta som er greven heilt i botn informerte i tillegg til stratigrafi om strukturar i form av stolpehol og eldstadar i øvre del av bakke, vestre del av flate (str.1-5).

Felt A

50,75-53X 35,5-39,9 Y

Ca. 9 kvadratmeter vart opna maskinelt. Utgangspunktet var indisiar på ei steinpakning ved overgang lag 1 torv - kulturlag i grøft, sjå profil ved 37-38Y (teikning 94-4). Målsetjinga var ei rask avklaring av om korvidt dette var del av struktur. Steinpakninga er identisk med str. 10, omtalt seinare.

Felt B

51-52X 44-45Y


4 kvadratmeter vart opna nær prøvestikk S4 (1993) i bakkens nedre og flatare delar.

Under maskinell avtorving kom ein struktur fram i torva (lag 1). Denne, strukturen, B-1, vart renska fram og snitta før vidare avtorving.

Kulturlaga 2 og 3 vart greve kvadrantvis i 5 cm einingar. Desse einingane har dels blitt noko grunnare i praksis.


I 52X 44-45Y er berre lag 2a og 2b grevne.

Det er testgreve i lag 4 (undergrunn) i 51X44YSV og 51X45YSV. Dei få funn 51X 44YSV gir i dette nivået er funne i overgang frå lag 3.



litte hole
m/pe stene
Knauts/berggr.?
S16:

Leinøy/Bergsøy 1994
Lok.2 Buholmvika
Oversikt plan prøvestikk, grøft, felt
1:200



- = lag 1
- = lag 2
- = lag 3

Leinøy/Bergsøy 1994
Lok.2 Buholmvika
Nivå 50X 34-66Y
1:100

Felt C-prøveruter

48X 53-54Y

Det syntes heller ulogisk å fingrave den middels interessante midtlina i traséen (felt B) med kunnskap om at det var bakkeknekk og flate i utkant av inngrepsområde som representerte dei meir sentrale delar av buplassen. 2 prøveruter (2 kvm) vart difor opna. Desse er gravd etter stratigrafiske lag dels med mekaniske fininndelingar. Her kom i motsetnad til felt B fram strukturar, keramikk og øksefragment. Lag 2 og øvre 5 cm av lag 3 er gravd.

2.feltperiode:

Felt C og D

48-49,5X 52-54Y

50,5-52X 50-54Y

Lag 2 og strukturar i øvre del av bakken vart prioritert. Pga. behov for å behalde grøfteprofilen var det opna 2 felt, sør av grøfta vart prøverutene i felt utvida til å omfatte totalt 4,5 kvm. Nord av grøfta vart felt D på 10 kvm opna.

Avtorvinga er maskinelt utført. Det er greve i mekaniske 5 cm lag innafor stratigrafiske lag 2. I 50,5-52X 50Y er berre lag 2a greve. Lag 2a er greve kvadrantvis og solda på 4 mm, bortsettfrå SV som er solda på 2mm. Frå lag 2b/c har vi laga eit sjakkbrettmønster av fint og grovt grevne ruter. Fint grevne ruter vart fingravd og solda som før, medan ein grovgravde resten av det stratigrafiske laget under eitt og solda ikkje. Dette for å rekke å få fram og snitte strukturar og samstundes behalde ein vis finkontroll. Då dette vart bestemt var delar av lag 2b allereie greve. Funn frå ikkje solda ruter er plukka opp under graving.

Pga. vanskar med å skilje lag 2 og 3 i delar av felt D kan dette inkludere noko av lag 3.

	51Y	52Y	53Y	54Y
52X	FIN		FIN	
51X		FIN		FIN
	FIN		FIN	
50X	GRØFT			
49X	FIN		FIN	
48X		*	*	

Oversikt over grovt og fint gravde ruter felt C og D.

* Prøveruter per.1 i felt C er allereie grevne.

Det kom fram 43 strukturar i felt C og D ved overgong lag 2-3. 29 av desse er snitta, enkelte større har fått fleire snitt. I tillegg kjem snitt av ytterlegare 3 str. i profil. Snittmassen er solda på 2 mm. Str.7 er totalgrevne etter snitting. I tillegg til den endelege strukturmengda på 43 er 6 tvilstilfelle snitta og avvist som struktur. Dokumentasjon av strukturar i plan og snitt er vektlagd.

Stratigrafi

Lag 1:

Torv.

Djubda varierar mellom 10 og 45 cm i dei opna areala, i hovudsak over 25 cm. I felt C profil 48X A-V og 55Y N-S er to trekolstriper synlege i torva (teikning 94-13). Enkelte andre stadar kan og trekolskikt i torva skimtast om ikkje så klart som her. Ved avtorving av felt B kom struktur B-1 (teikning 6) fram i torva. Bortsett frå str. B-1 er ikkje denne trekolhorisonten knytt til torva prioritert undersøkt.

Bortsett frå B-1 som i hovudsak har torv både over og under, men som i midt botn såvidt skjer ned i lag 2, har vi kun ved 50,5X 55Y teikn på at torva er blanda noko ned i lag 2.

Lag 2:

Mørk brunsvart, sterkt trekolhaldig samt sandhaldig feit humus med noko mindre stein. Relativt homogent lag.

Tjukkelsen på laget varierar mellom 8 og 24 cm i grøfta i hovudsak ca.15 cm. Defineringa av laget i forhold til underliggande lag 3 er ikkje berre enkel og vi har ei maksimal djubd i 48X52Y på 30 cm. Felt C og D har i det heile ei gjennomsnittleg djubd på kring 20 cm. Dette kan bety at lagskillet 2-3 har vore så vanskeleg å finne at delar av lag 3 har blitt definert inn i lag 2, eller at grøfta ikkje berre er representativ for buplassen som heilheit.

I felt B er djubda på laget mellom 15 og 28 cm tjukt. Pga. det begrensa omfanget gravinga her har er det relativt god kontroll i forhold til profil og tjukkelsen av lag 2 er sikker.

Utbreiinga horisontalt av laget: I grøfta er lag 2 definert til å starte i vest ved ca. 50X 41,50Y (teikning 94-4). Imidlertid syner felt A at det er kulturlag med trekol også ved 53X40,5Y. Om dette er lag 2 slik vi elles forstår det, er imidlertid noko usikkert. Lag 2 fortset frå 50X 41,50Y austover gjennom heile grøfta.

Avgrensinga av lokaliteten i -93 gjekk i hovudsak ut på avgrensing av funnførande areal. S12 (omlag 43X68Y) ga då ikkje funn, men gir same lagdeling som grøfta. Det er grunn til å tru at heile flata har same grunnstruktur med lag 2 under torva. Lokalitetens omfang vart utfrå funnførande areal (flate/bakke) estimert til 35 m A-V og 10 m N-S utfrå funnførande prøvestikk. Høgste nivå inkludert på flata fyl då ca. 9 m- koten. S12 ligg like over 10m-koten. Buplassen kan reknast å gå noko utover dette.

Buplassens karakter med rikt kulturlag og konstruksjonsspor vitnar om at dei mindre sentrale delar av buplassen kan ha eit relativt stort omfang knytt til lag 2. Ikkje funnførande prøvestikk med lag 2 kan sjåast i samanheng med funnførande delar som t.d.dyrkingsareal.

Lag 3

Brun, enkelte stadar lysbrun, andre stadar noko mørkare brun humus med minerogent islett. Lite/inkje trekol.

Tjukkelsen på laget i grøfta ligg gjennomsnittleg mellom 10 og 15 cm. Felt B er einaste feltet der lag 3 er gravd i si heilheit og har der ein gjennomsnitts tjukkelse på mellom 6 og 11 cm.

Lag 3 er definert til å gå gjennom heile grøfta. Eg meiner med det at lagskildringa høver gjennom heile grøfta. Lag 3 i dei vestre og nedre delar av grøfta betyr neppe det same som lag 3 i dei meir sentrale delar av feltet. S5 ved 50X43Y var nemleg ga ikkje funn sjølv om vi her har lag 3. Lag 3 utan funn kan neppe sjåast i direkte samanheng med lag 3 på buplassnivå. Til det er laget for laust definert. Dette blir motsatt tankemåte i forhold til lag 2. Lag 2 er imidlertid eit særleg markant trekolhaldig kulturlag, medan lag 3 utan funn vanskeleg kan sjåast som teikn på omfattande menneskeleg aktivitet. S6, ca. 49X38Y ga 4 funn knytt til lag 3. S2 noko nordaust av grøfta har funn som kan vere knytt til lag 3.

Undergrunnen varierar mellom fin strandavsett sand og steinrik strandvoll. Umiddelbart under kulturlag synest nedsig frå overliggende lag å ha gitt sanden eit noko brunleg preg, medan sanden under der att er meir lys gulgrøn. Tilsvarande forhold pregar sand kring stein i strandvoll. Overgangen mellom øvre brunare og nedre lysare er gradvis.

Tapesstrandvoll synest å ta til ved ca.56Y og går vestover til vel 49Y, dvs. ligg kring bakkekneken med strandavsett sand ovanfor/austanfor og nedanfor/vestanfor.

Strukturar

A-V grøfta ga 5 strukturar i området kring bakkekneken + antydning til steinpakning i nedre del av grøfta(str.10). Desse strukturane kunne i hovedsak sjåast som nedskjeringar frå lag 2. Under graving av felt C og D vart ytterlegare strukturar avdekka. Saman med ein struktur B-1 oppdaga ved maskinell avtorving av felt B og som står meir isolert, vart 50 strukturar avdekka. Strukturlista gir ei oversikt over desse. Eg vil fyrst skildre strukturar som ikkje kan setjast i direkte samband med stolpeholkomplekset på dei øvre delar av buplassen.

Struktur knytt til lag 1

B-1: Stein og trekolfylt grop: kokegrop?

Foto 94-2: 10 og 17

Lag 1 torva har enkelte stadar ein/fleire horisontar i form av tynne trekolhaldige striper. Det har ikkje blitt prioritert å sjå nærare på kva denne/desse representerar. Ved maskinell avtorving av felt B vart det klart at ein struktur, B-1, var knytt til ein slik trekolhorisont i torva. Eg velde å renske fram og snitte B-1, sjølv om denne står noko isolert frå undersøkinga elles.


Strukturen framstår i overflata som 132 cm x 110cm rundoval konsentrasjon av avrunda stein (fjørestein?) og trekolhaldig masse. Forma er noko ujamn og mot nord er grensene noko flytande då massen umiddelbart utforbi strukturen er meir trekolhaldig enn elles. Strukturen er på det meste 16 cm djup. Og gir ei grop med svakt boga botn og sider med svært slakk vinkel.

Strukturen har torv både over og under, med unntak av midtre delar av botn som såvidt skjer ned i eller berører topp av lag 2. Særleg vestleg del av strukturen har regelmessig tett lagd stein (ca.20-30 cm lang og noko mindre breidd og høgd) og ligg over/i eit ca.5 cm tjukt

konsentrert trekollag i form av større bitar. I kantane når dette laget opp til overflata. Med unntak av kantane, ligg over dette, mindre tettpakka skjørbrend stein i mørkbrun humushaldig noko sandblanda jord. Pga. dei større steinane lagt over større trekolbitar kan det vere snakk om ei kokegrop.

Strukturen har ingen funn bortsett frå nokre avslag som eg vel å sjå i samanheng med at strukturen såvidt berører lag 2.

Datering av større trekolbitar gir 1300+/-60 år før notid, kalibrert til 670-780 e.Kr. dvs. merovingartid. Strukturen syner tilliks med struktur i nordleg del av grøft på lok.1 Buholmlegene at området har vore nytta om enn på ein langt meir ekstensiv måte også etter at myrdanninga har teke til.




Usikker lagtilknytning: Str. 10 steinpakning

Ein del heller i profil av grøft ved 50X 37-38Y var utgangspunktet for at felt A vart opna maskinelt. Ein kombinasjon av heller og stein synest lagt opp i tilknytning til ein større jordfast stein. (teikning 94-16 og 94-4)

I overgang torv -kulturlag (tolka til lag 3 - kan vere lag 2 med mindre trekolinnhald) låg heller/stein i 50,75 - 51X, 37-38,5Y. Under dette topplanet av heller/stein, fortsette ei oppmuring av flate småheller ned til undergrunnen i 50X37-37,5 Y. Steinpakningas delar møtest i N og S ved ein større jordfast stein (berg) som ikkje synest tilført av menneske. Felt A har vidare nord og austover ein del slike større stein. Steinpakninga fortset truleg noko S av profilen. Pga. behov for å ha profilen intakt under vidare arbeid vart steinpakninga ikkje vidare framrenska.

Ein av dei største hellene i profilen går frå topp kulturlaget opp i torva, noko som også er tilfelle ved 50X41Y. Om desse kan sjåast i samanheng er uavklara.


I forhold til høgd over havet, kan dette ha vore ein sjøtilknytt str. i bronsealder. Relasjonar til lag 2 og 3 som på buplassens meir sentrale delar er usikker og derved også tidfesting.



- (S) = stein/heller på overgang torv/kulturlag
- = stein/heller i kulturlag/bøtta

(dvs. 2 nivå samstundes for å få fram str. 10)

Leinøy/Bergsøy 1994
Lok. 2 Buholmvika
Str. 10 steinpakning plan felt A
1:40



Leinøy/Bergsøy 1994
Lok.2 Buholmvika
Strukturar i tilknytning til lag 2
Plan felt C og D, samt strukturar i profilar markert
1:40

STRUKTURLISTE LOK.2

NR.	TYPE	FELT	X	Y	KVADR	TVERRMAL	FORM PLAN	SNITT	DJUPN S	FORMSNITT	STEIN	TREKOL	ANNA	FUNN	DATERING	TEIKNING
B-1		B	51-52	44-45		132	110	1.2.2	1 snitt, heile greve	16 1.4.2.1	AE	ACD		avslag fl/kv	670-780 e.Kr.	94-6
1		Sj.	50	59		70?	?		maskinsnitt	16 1.3.2.1	C					94-2, 9, 12
2	stolpehol	Sj.	50	57		11?	?		maskinsnitt	16 2.2.3 (ev.2.1.3)	F					94-2, 9, 12
3	stolpehol	Sj.	50	53		18?	?		maskinsnitt	32 e.22 2.2.3.1	-					94-3, 8, 11
4	ekdstad/nedskjering	Sj.	50	51/52		128?	?		maskinsnitt	36 1.2.1.2	CF	B				94-3, 8, 11
5	stolpehol	Sj.	50	49		18?	?		maskinsnitt	22 2.2.3.1	-					94-3, 8, 11
6	steinlagd ekdstad	D	51	52		90	45	1.0.2	1 snitt?	11(18d) 11.4.2.2	G	BC	B	avslag fl.		94-8, 11, 15
7	ekdstad/hellekammer?	C	49	52/53		84	84	2.0.2	1 snitt, heile greve	35 3.2.2.2	DE	CBAD	B	28 stk.div.	1310-1130 f.Kr.	94-8, 11, 15
8	stolpehol	C	48	53 NA		16	12	1.2.	1 snitt, halve gravd	28 2.2.2.2	B		A			94-8, 11, 15
9	stolpehol	C	48	54 SV		12	9	1.2.	1 snitt, halve gravd	16 2.2.5	C					94-8, 11, 14
10	steimpakning	A	50	36,5-38,5	SV				maskinsnitt							94-4, 16
14	stolpehol	D	50	53 NA		8	8	2.0.1	1 snitt, halve gravd	14 2.2.5	-					94-8, 11, 14
15	stolpehol	C	49	54 SA		16	16	2.0.1	1 snitt, halve gravd	11 2.5.3.7	-					94-8, 11, 15
16	stolpehol	D	51	54 NA		10	10	2.0.2	1 snitt, halve gravd	21 2.1.3.	CG			oker		94-8, 11, 15
17	nedskjering m/stein	C	48	52 SV	min 40?	?	?		gravd, snitt fyrst sett	20 17.2.27.2	DE	B	C	øks	1410-1220 f.Kr.	94-8, 11, 13
18a	stolpehol	D	51	52 SA		10	10	2.0.?	ikkje snitta	-	G		B			94-8, 11
18b	stolpehol	D	51	52 SA		10	13	2.0.?	ikkje snitta	-	-					94-8, 11
18c	stolpehol	D	51	52 SV		10	12	2.0.?	ikkje snitta	-	?	FG	B			94-8, 11, 15
18d	stolpehol	D	50/51	52/53 NV/SV		12	12	2.0.?	1 snitt, halve gravd	11? ?	FB?	C	B			94-8, 11, 15
19	stolpehol	C	48	52 SA		25	25	2.0.?	1 snitt, halve gravd	10 til 15 3.3.3.	G					94-8, 11, 15
20	stolpehol	C	49	54 SV		10	10	2.0.1	1 snitt, halve gravd	19 2.1.5.2						94-8, 11, 13, 14
21	grøft	D	52	52-54 SA	290+		30	3.0.2	4 snitt: snitt 1 profil	16 1.3.47.2	C			oker		94-8, 11, 14
		D				50?(inkl. fleire)			snitt 2	20 1.3.1.2	C			bein		94-8, 11, 14
		D							snitt 3	min 15 1.3.7	C			m.m		94-8, 11, 14
		D				25			snitt 4	10 1.3.27.2	F			bein		94-8, 11, 14
21b	stolpehol?	D	52	54 SV					snitt 2 str.21		G					94-8, 11, 14
22	stolpehol	D	51	54 SA		20	12	1.	1 snitt, halve gravd	8 17.2.7.2	F					94-8, 11
24	stolpehol	C	48	52 NA/NV		18	18	1.2.?	1 snitt, halve gravd	36 2.2.4.2	CB					94-8, 11, 15
25	stolpehol	D	51	53 NA		13	10	1.?	1 snitt, halve gravd	16 2.2.5	BC					94-8, 11
26	stolpehol	D	51	53 SA		7	7	2.?	ikkje snitta	-	-			?		94-8, 11
27	stolpehol	D	51	53 SV		5	5	2.?	ikkje snitta	-	-			?		94-8, 11, 14
28	stolpehol	D	51	53 SV		10	10	2.?	1 snitt, halve gravd	7 27.1.2.	-					94-8, 11, 14
29	stolpehol	D	51	53 SV		10	10	2.?	1 snitt, halve gravd	8 27.2.3.2	BG					94-8, 11, 14
30	stolpehol	D	51	53 SV		8	6	2.?	1 snitt, halve gravd	7 2.2.3.	-					94-8, 11
31	stolpehol	D	50	53 NV		15	8	1.	ikkje snitta	-	-			?		94-8, 11
32	stolpehol	D	50	53 NV		5	5	2.	ikkje snitta	-	-			?		94-8, 11, 15
33	"stripe"	D	52	54 NA	ca.70		8	3.0.1	3 snitt: snitt 3(profil)	-	-			sjå 21		94-8, 11
									snitt 1	2 1.3.1.	?					
									snitt 2	-	-					
34	"stripe"	D	50	52 NA	ca.40		7	3.0.1	?	2 27.2.3.	F?		B			94-8, 11
35	stolpehol	D	52	54 SV	min.25		25	?	1 snitt, halve gravd	? ?	?		B	sjå 21		94-8, 11, 14
36	stolpehol	C	48	52 NV		10	10	2.	1 snitt, halve gravd	10 27(3).2.2.						94-8, 11, 15
37	stolpehol	C	49	52 SV		14	12	2.	1 snitt, halve gravd	12 2.2.5.	B?					94-8, 11, ?
38	stolpehol	C	48	53 SA		7	7	?	1 snitt, halve gravd	13 2.17.2.2	C					94-8, 11, 14
39	stolpehol	D	51	53 SA		8	7	2.	1 snitt, halve gravd	8 2.1.2.2	-					94-8, 11, 15
40	stolpehol	D	50	51 NA		34	22	2.0.2	1 snitt, halve gravd	8 27 ? 2.2	BC					94-8, 11, 15
41	stolpehol	D	51	52 NV		22	22	2.	1 snitt, halve gravd	22 2.2.5.	BCF?			bein		94-8, 11, 15
42	stolpehol	D	51	52 NV	16?		10	1.2.?	1 snitt, halve gravd	24 2.2.5.	BCG	noko kol		bein?		94-8, 11
43	stolpehol	D	51	52 NA		5	5	2.	ikkje snitta	-	-			?		94-8, 11
44	stolpehol	D	51	52 SA		6	6	2.	ikkje snitta	-	-			?		94-8, 11
45	stolpehol	D	50	51 NA		12	8	1.2.	ikkje snitta	-	-			?		94-8, 11, 14
47	stolpehol	C	49	52 SV		7	7	2.	1 snitt, halve gravd	7 2.2.4.	-					94-8, 11, 14
48	stolpehol	D	52	53 NV		12	9	1.2.	1 snitt, halve gravd	18 2.2.3.	B			2 avsl.v		94-8, 11, 14
49	stolpehol	C	49	52 SA	ca.22?		?	?	snitt i prøvestikk	33 2.2.5.	-					94-13
50	nedskjering	D	50	55 NA(&SA?)		?	?	?	snitt i profil	25 1.3.27.	-					94-8, 13

x-y viser ikkje til nøyaktig plassering , men til dei ruter strukturene legg i, for nøyaktig plassering sjå teikning i plan mal er oppgitt i cm

Strukturar knytt til lag 2: Hus/strukturkompleks

Dei resterande 48 strukturar er sett i samband med lag 2 (nedskjering frå lag 2).

Det lyt her understreka at stolpehol eller andre konstruksjonar ikkje er komen fram ved maskinell flateavdekking slik det er vanleg ved søking etter husstrukturar. Ein laut inngå eit kompromiss mellom ulike utgravingsmetodar for å få belyst både dateringsmessige spørsmål og avdekke strukturar. Det er difor søkt etter strukturar på eit relativt lite areal.

Avdi lokaliteten strekker seg utforbi traséen vart det vektlagt å undersøkje dei delar av lokaliteten som låg i og rett aust av traséen, dvs. bakken og bakkeknekk. Det vart lagt eitt felt C sør av grøfta og eit felt D nord av grøfta. Profilbenk knytt til grøft vart beholdt pga. behov for samanheng. I tillegg til dei strukturar som er synlege i profilen kjem altså mulgheita for fleire strukturar i profilbenk og grøft samt aust av felt.

Det er sannsynleg at ei flateavdekking lenger austover vil verke avklarande og eventuelt gi meir samanheng i strukturane enn det som no er mogleg.

Stolpehola

38 av dei 48 strukturane rundt bakkeknekk (felt C,D og grøft) vert tolka som stolpehol. Desse har i hovudsak same masse som lag 2. Og teiknar seg mot lag 3 som dei skjer ned i og tildels gjennom.

Stolpehola vil her bli skildra relativt summarisk. Det er klart skilnadar mellom mindre og større stolpehol, noko klar gruppeinndeling etter mål er likevel vanskeleg. Oppsettet under forsøker å fange inn skilnadar i mål som kan vere viktige. Oppsettet er ikkje resultat av noko grundig analyse.

For nærare opplysningar sjå vedlagt strukturliste, der ulike opplysningar om strukturane er koda inn.

I plan er stolpehola innteikna på teikning 94-8, 11.

Snitt på teikning 94-2, 3, 4, 14, 15.

<u>Str.</u>	<u>Tverrmål</u>	<u>Djupn</u>	<u>Kommentar</u>
27	5x5	-	
32	5x5	-	
43	5x5	-	
44	6x6	-	
26	7x7	-	
47	7x7	7	
30	6x8	7	
39	7x8	8	mindre stein i botn str.
18a	10x10	-	stein i overflate, berører str.6
18c	10x12	-	berører str.6 og stein knytt til denne
18b	10x13	-	
28	10x10	7	

29	10x10	8	skoningsstein
36	10x10	10	
18d	12x12?	11?	skoningsstein, kolblanda, berører str.6
38	7x7	13	mindre stein i str.
14	8x8	14	
15	16x16	11	
37	12x14	12	skoningsstein ?

22	20x12	8	møter større stein i botn, kan forklare grunnheit

25	10x13	16	skoningsstein, mindre stein i masse
2	?x11	16	mindre stein i str.
9	8x12	16	mindre stein i str.
45	8x12		
48	9x12	18	skoningsstein, berører str.21
20	10x10	19	
16	10x10	21	stein i overflate, mindre stein botn kant

24	18x18	36	skoningsstein, mindre stein i str., mindre trekolkonsentr.
31	8x15	-	
42	10x16	24	
8	12x16	28	større stein i botn:skoning?
3	?x18	22	
5	?x18	22	
41	22x22	22	skoningsstein
49	22?x?	33	
19	25x25	10/15	skoningsstein/stein i overflate mørkare kjerne (10 cm djupn)
35	25x25?	?	berører str.21,33, 21b?
21b?	?	?	usikkert korvidt str.
40	22x34	22	skoningsstein, 22x22 utan utvekst (støttestolpar)

Djupna skal ein vere litt forsiktig med kva vekt ein legg i. Pga. ulikt behov for klargjering ved betre framrensking kan det vere litt variasjon i nivå det er målt frå. Prinsippet er at det er målt frå topp lag 3.

Ein heil del står i samband med stein som kan tolkast som skoningsstein.

Hovudtyngda av stolpehola har relativt liten diameter og djupn og kan vanskeleg forståast som takberande. Dei fleste i konsentrasjon av mindre stolpehol rundt og aust av str. 6 er neppe direkte bygningskonstruksjonar (str.26, 27, 28, 29, 30, 32, 39, 44 ev. også 18 a,b,c,d, 45). Enkelte av dei minste stolpehola synest å stå relativt nær større stolpehol og kan ha støttefunksjon ("utvekstar" på str.40, str.47 ved større str.37, str.36 ved større str.24, str.43 ved større str.42).

Ei gruppe noko større stolpehol markerar seg. Dette er likevel ikkje ei homogenen nok gruppe til utifrå avdekka areal å kunne fastslå kva som kan lesast som stolperækker.

Stolpehola dannar i seg sjølv ikkje slutta einingar som hus. Men dei kan utgjere vestlege delar og er truleg knytt til meir enn ei fase. At det kan vere snakk om meir enn ei fase er basert på at "stripene" eller svillene str.33 og 34 skjer inn i andre str. og at desse synest å ha ei orientering som høver saman med, men som bryt klart med orienteringa til grøft str.21, -som 33 skjer inn i. Buplassens lange brukstid gjer også fleire faser sannsynleg.

Stolpehol er ikkje datert med C-14 prøver. Dette avdi det kan reisast mange spørsmål ved kva masse som ligg i stolpehola. Blir stolpane revne opp og massen rundt fell ned i stolpehola, vert dateringane kanskje yngre enn huset som har stått der. Massen i stolpehola var i hovedsak relativ lik lag 2 massen. Sjølv om str.19 har ei mørkare kjerne antyda, kjende eg meg ingen stad trygg nok på at her var restar av opprinneleg stolpe i massen som kunne rettferdiggjere datering. Det var ikkje teikn rundt større stolpehol på at desse var grevne ned (snitta var kanskje også for små til å sjå dette).

Det er sannsynleg at strukturar utover sviller/grøft er relatert til konstruksjonar. Eldstadar og andre strukturar bør ikkje gløymast når ein forsøker å skape meining i dei bebyggelsesfragment stolpehola utgjer. Lagdateringar peikar henholdsvis mot seinneolittikum - yngre bronsealder/førrromersk jernalder. Str. 7 og 17 mot eldre bronsealder. Det at lag 2 er så homogent kan tyde på at dei yngre fasene på buplassen er dyrkningsrelaterte og at stolpehola som andre strukturar som kjem fram mot botnen av laget er knytt til dei eldre delar av yngre steinbrukande tid, seinneolittikum eller eldre bronsealder.

Andre strukturar i tilknytning til stolpehol

Str.21:Grøft

Ei ca. 3 m lang og 30 cm brei grøft orientert VNV-ASA. Grøfta er snitta 4 stadar og gir djupn på mellom 10 og 20 cm frå det nivået strukturen vart synleg frå (botn lag 2). Strukturen startar i vest ved større stein, truleg berg og går i aust inn i profilen. Total lengd på str. 21 er derved usikker. Veggane i snittet har ei middels sterk helning og botnen er relativt avrunda, kanskje noko flat. Strukturen er noko ujamn i form, særleg tydeleg i plan.

Str. 33, ei smalare og grunnare grøft, denne møter str.21 saman med str. 35, stolpehol. I overflata kunne det sjå ut til at str. 33 skjer gjennom str. 35, dvs. at str. 33 er yngre. Relasjonen mellom str. 35 og 21 er mindre eintydig. Det kan virke som str. 33 skjer inn i

str. 35 som igjen er skoren ned i str. 21. Det har også vorte vurdert om ein i same snittet ved 35/21 faktisk har ein str. til (form topp som 35) rett sør for str. 35. Denne eventuelle str. vert kalla 21b og er knytt til stein i str. 21 ved 35. Dette var ei vag antydning i toppplan. Overlappende struktur er verre å skilje i snitt enn i plan og noko betre avklaring på overlappingar fekk vi altså ikkje ved snitt.

Snittet gjennom str. 21-35-21 gir ei sterkt trekolhaldig masse som også er humusrik og feit. Oker frå ca. 5 cm under snittnivå. Mot botnen ein heil del nærast pulveriserte beinrestar. Strukturane går gjennom lag 3 og er i botn omgitt av gråkvitbrun leire eller silt.

Eit snitt vart også lagt for å avklare relasjonen mellom str. 48 og 21. Str. 48 stolpehol viste seg i snittet til berre å berøre str.21 såvidt og ingen indisiar på relativ alder kom difor fram av snittet.

Str.21 blir forstått som ei grøft knytt til drenering av buplass, mest sannsynsleg knytt til huskonstruksjon.

Str.33 "Stripe"/sville?

Str. 33 kan fylgjast ca. 70 cm frå profil 55Y og inn over str.35. den har ei relativt jamm breidde på 8-10 cm men ei djupn frå snittnivå på berre eit par cm (flat botn). Str. kan ikkje sjåast i profil 55Y sjølv om det i flata er heilt klart at den går inn i denne. Utifrå beliggenheit (bakke) og form snitt (same form som i plan til botn) har eg vanskeleg for å sjå str.33 som ardspor.

Str.34 "Stripe"/sville?

Str.34 liknar str. 33, men er litt smalare (7 cm breidd). Strukturen har ei vinkelrett orientering i forhold til str. 33, dette kan kanskje vitne om ein slags samanheng. Strukturen går frå vår maskinelt opna grøft ved ca. 50,5 X 53Y og inn mot str. 6. Det synest som den skjer inn i denne. Snitt var her også mindre avklarande enn plan. Det går imidlertid ikke å fylgje str. 34 vidare ut frå str.6.


Snittet av str. 34, samt breidda, gjer at denne strukturen lettare kan sjåast som ardspor, eventuell med masse utfrå str. 6. Eg har nok vanskar for å sjå for meg arding i bakkehellinga her. Både breidda og den flate botnen vitnar meir om sville el. liknande.

Paralellt med str. 34 ca 95 cm lenger NA hadde vi ei antydning til tilsvarande om noko breiare fenomen. Ved forsøk på avgrensing forsvann imidlertid strukturen, som er stipla inn utan nummer på teikning 94-8. Dette kan bety at det ingen reell struktur var, men også så grunn som 33 og 34 er, kan denne som tilnærma identisk fenomen rett og slett ha vore så grunn at den forsvann under framrenskinga. Uansett tolkning bør str. 33, 34 og eventuelt parallell str. av str.34 sjåast i samanheng og vurderast som yngre enn str.6, 35 og 21.


STR. 19




S: NA STR. 7
 N: STR. 7
 ■ = struktur w. m. sten
 ▨ = glidande overgang m
 ▩ = lag 3




STR. 20 og 28



STR. 15




STR. 24



STR. 26


STR. 20




STR. 16



STR. 41




STR. 34



STR. 42



STR. 37



STR. 8




JORDA NEDERST I STR. ER USTÅRE OG GROVÅRE STR. TITRE ET MØRKARE "KØBENE"

STR. 25




STR. 6



■ svært koldblanda masse i str.
 □ mørk brun sandblandig

STR. 9



STR. 7 - HØRE ENK. STENHJELLER I ØA-DEL ER FØRRENA FOLA KUNNESNITE




STRUKTUREN:
 ① mørk brun jord, litt raudlig, hummonk, svært trekkholdig men delte enkelte kulpertikler
 ② svært brun jord, noko hummestholdig og enkelte rypåse trekkholdige
 ③ nederst i strukturen eit tynt lag med store trekkholdige

STR. 7 - HJELLER I TOPP OG RUND STRUKTUR



STR. 38



STR. 47



STR. 48



STR. 21 SNITT 3

FORSETNING AV STR. 21


STR. 14



STR. 29



STR. 22




STR. 39



STR. 49




STR. 21




■ svart masse med trekk og fragment av bein

STR. 33-35-21

SNITT 1



Leinøy/Bergsøy 1994
 Lok. 2 Buholmvika
 Strukturar i tilknytning til lag 2
 Snitt
 1:40



Leinøy/Bergsøy 1994
Lok. 2 Buholmvika
Profil A-V grøft 50X 36-66Y
1:40

Str.7 Helledekt eldstad?

Foto 94-6:4, 94-7:36a, 94-9:8

Str.7 er ein litt ujamn, i botn bortimot sirkelforma struktur på 84 cm x 84 cm diameter i botn, 35 cm høgd. Toppen på strukturen vart synleg som ein spiss relativt høgt i lag 2. Forma blir noko samantrykt konisk. Strukturen er skoren ned i lag 3 og 4 og strekker seg opp gjennom store delar av lag 2 frå dettes botnnivå.

Strukturen består av tildels sterkt forvittra heller på ca. 40 cm x 20 cm x 3,5 cm som ligg tett i tett i toppen på skrå innmot midten. Mellom desse er det knapt plass til masse, den massen som tross alt er der er litt raudleg mørk brun humus, massen er svært trekolhaldig, men trekolet er heilt finfordelt. Det er berre i øvre del av strukturen at massen har dette raudlege skjæret. Massen lenger nede i strukturen er svart brun, noko sandhaldig (frå forvittra stein?) med enkelte synlege trekolbitar. Det finst også ein del mindre stein i strukturen. I søraustlegaste del av snittet låg stein og heller i botnen over/i eit skikt av store trekolbitar.

Det vart teke ut C-14-prøve av dette konsentrerte trekollaget. Prøve B-15081-94-12 ga ei datering kalibrert til 1310-1130 f.Kr.og eldre bronsealder.

Strukturen er snitta, og totalgravd og gir 27 funn. Derav 9 fragment brent nøtteskal, 2 mikroflekke derav 1 retusjert, 1 smalflekke og ei bipolar kjerne.

Prøvestikk S1 berører str.7 og det er sannsynleg at nøtteskalsfragmenta der er knytt til strukturen.

Korleis skal struktur 7 forståast? Som ein hellelagt eldstad, der sidehellene pga seinare aktivitet har blitt skuva inn mot midten? Eller som eit helledekt gravkammer som er skoren ned i eldre lag og difor har eldre funn?

Str.4 Eldstad?

Struktur 4 kom fram i grøftprofilen. Den er ei 128 cm lang og 36 cm djup nedskjering med relativt bratte sider og flat botn (svakt hallande som terrenget).Strukturen skjer seg ned igjennom lag 3 og 4 frå lag 2 og møter i botn ein større stein som ikkje synest tilført. Kor brei denne strukturen er er usikkert. Men det er ikkje teikn verken i felt C eller D at den når dit. Det vil igjen sei at strukturen neppe er sirkelforma.

Massen i strukturen er feit brunsvart humus med eit visst minerogent innslag. Massen har eit noko heterogent preg og skil seg noko frå lag 2 elles pga ein del småstein som dels er forvittra, litt sand og kolbitar. Strukturen synest vere ein eldstad eller ei nedskjering relatert til anna (gjentatt) bruk av eld.

Str.6 Steinlagd eldstad

Struktur 6 er ein relativt grunn struktur som det har volda ein del bry å få ei skikkeleg avgrensing på. Massen er som for lag 2 med den skilnad at den er noko meir trekolhaldig (bitar). Den har ei ujamn oval form med eit tverrmål på 90 cm x 45 cm. Den er knytt til enkelte større stein som kan ha danna ramma rundt str. 6 som ein mindre eldstad som pga. aktivitet t.d. knytt til gjennomskjering av yngre

str. 34 har fått massen spreidd noko utover sine breidder. Slik vi ser det i dag berører dei mindre stolpehola 18a, c og d strukturen, i tillegg til nemnde str.34 "stripe"/sville. Dei 4 mindre strukturane i og kring str.6 (18a-d) kan vere knytt til eldstaden. Slik også andre av dei mindre stolpehola i nærleiken kan vere.

Str.1 Nedskjering

I grøfteprofil, nedskjering frå lag 2 ned i lag 3. 70 cm lang og 16 cm djup (frå topp lag 3). Svakt boga botn med ein vinkel på sidene som er verken bratt eller slakk. Massen er identisk med lag 2.

Str.50 Nedskjering

Når det gjeld str. 50 har vi ingen endelege tverrmål då den berører både profil N-S 55Y og grøft 50,5x. Utifrå dei mål som eksisterar i profil N-S har den eit tverrmål på minst 60 cm djupn omlag 25 cm. Strukturen som eigentleg er snitta under vanleg graving, utan at ein var klar over strukturen, har ein masse som er identisk med lag 2. Formmessig liknar den str.1 eller den kan vere ein bit av ei grøft som str.21.


Str.17 Nedskjering med steinlegning i botn

Str. 17 vart i hovudsak greve i prøveruter og pga. uklar avgrensing mot sør ikkje rekna som struktur, før nordleg avgrensing kom ved seinare graving av utvida felt C. Str. 17 har stein i botn, tett lagt innmot einannan (teikning 94-13). I nord er det tydeleg at den skjer seg frå lag 2 og gjennom lag 3 ned i undergrunnen. I ytterkant mot lag 3/undergrunn i N er det konsentrerte flekkar med trekol. Avgrensing mot sør er som sagt problematisk. Enten fortset strukturen sørover til steinar i 48X55Y, eller så er lag 2 i 48x55Y langt mektigare sør av enn nord av str. 17.

På nivå med toppstein kom ca. 5 cm vest av vestlegaste stein fram eit ståande øksefragment (B-15081-171), som rådspurte meiner er frå ei polert spissnakka tverrøks. Dvs. ei sekundær plassering som kan vere knytt til str. 17. Eggfragmentet sto nivåmessig topp lag 3 og stakk opp i 2c.

Ei dateringsprøve frå str. 17 gir 3060 +/-60 BP, kalibrert til 1410-1220 f. Kr. Dvs. eldre bronsealder som str. 7.

Strukturen kan forståast som ein liten eldstad, men også som eit stolpehol.



Leinøy/Bergsøy 1994
Lok.2 Buholmvika
Strukturar i tilknytning til lag 2
Snitt
1:40

C-14 dateringar

Totalt er 8 trekolprøver datert frå lok.2.

2 prøver vart teke ut i samband med forundersøking i 1993. Då resultatane av desse låg føre fyrst etter forundersøkningsrapport var skreven, vil desse bli diskutert her.

3 prøver er teke ut som serie i laga i 1994.

3 prøver er teke frå strukturar i 1994.

Kvar	Prøvenr.	Lab.nr.	Ukalibrert B.P.	Kalibrert år f.Kr.
Str. B-1 torv	B-15081 94-13	Beta-74223	1300 +/-60	670-780 e.Kr.
Lag 2a	B-15081 94-1	Beta-74218	2100 +/-60	190-30
Lag 2b	B-15081 94-2	Beta-74219	2630 +/-70	830-780
Lag 3	B-15081 94-3	Beta-74220	3500 +/-60	1895-1735
Str.7	B-15081 94-12	Beta-74222	3000 +/-60	1310-1130
Str.17	B-15081 94-8	Beta-74221	3060 +/-60	1410-1220
S1	B-15081 93-1	Beta-70793	3850 +/-90	2460-2150
S4	B-15081 93-2	Beta-70794	3630 +/-100	2130-1880

C-14 dateringar
Lok.2 Buholmvika
Leinøy/Bergsøy

Prøveuttakas plassering kan sjåast frå teikning 93-7, 94-6, 94-13, 94-15.

Prøvene frå forundersøkinga i 1993 er tekne ut i prøvestikket S1 lag 2 og S4 lag 2. Prøva frå S1 (Beta-70793) ga ukalibrert år 3850+/-90 før notid, kalibrert til 2460-2150 f.Kr. Prøva frå S4 (Beta-70794) ga ukalibrert år 3630 +/-100 før notid, kalibrert til 2130-1880 f.Kr.

Tidspunkt for overgangen mellomneolittikum-seinneolittikum vert av Olsen (1992:127) sett til 3900/3800 år før notid. Nærøy (1994:29) strekker mellomneolittikum til 3700 på grunnlag av lok.17 Budalen.

Prøvene fortalte at vi på lokaliteten også hadde yngre fasar enn det dei få i ei viss grad daterande artefakter tilsa. Desse daterande artefaktene som opna for tolkning til seinmesolittikum-mellomneolittikum var også tilknytt lag 3 i S1.

Dateringsprøvene frå-93 var svært viktige for å påpeike yngre fasar som sidan vart stadfest ved graving.

Prøvestikket S4 (93) ligg ikkje direkte i årets gravde område, men i nær tilknytning til både felt B og grøfta. Prøva gir ei seinneolittisk datering. Prøva er teke i det vi kalla lag 2 i prøvestikka. Utifrå dei stratigrafiske forhold i felt B og grøfta skulle prøva stå i god samanheng med dei stratigrafiske liner årets undersøking totalt ga, og det er grunn til å halde fast ved at dateringane er henta frå det vi i årets og fjorårets undersøking forstår som lag 2.

Prøvestikket S1 (93) ga ei datering på overgangen mellomneolittisk/seinneolittisk (ukalibrert 3850+/-90 år før notid, kalibrert 2460-2150 f.Kr.). Prøva er teke ut frå det vi meinte var lag 2. S1 ligg i tilknytning til felt C-profilbenk, i eit svært strukturrikt område. Prøvestikket har i år vist seg å berøre str. 7.

Sl snittar vidare stolpehol str. 49, og er heller ikkje særleg langt unna str. 4 som vi ikkje har heile utbreiinga på pga. den ligg i profilbenk. lassen. Prøva strir ikkje med andre prøver eller lagdeling elles. Prøva er ikkje teken ut der prøvestykket berører str. 7, også str. 49 synest å ha gått fri.

Dei komplekse relasjonane kring prøva gjer det imidlertid vanskeleg å kjenne seg heilt trygg på, sjølv om fasene den ev. kan knytast til klart er tilstades på buplassen.

Dateringar frå utgravinga i 1994 består av 3 prøver frå ulike strukturar og ein serie på 3 prøver knytt til lag. Lagdateringsserien er teken ut i umiddelbar nærleik til prøveuttaking til pollenanalyse (pollenserie 2).

Seriedateringar vart nytta. Om seriedateringar skriv Prescott i diskusjonen av dateringsprøvene i Skrivarhellaren: "Ideelt sett hadde flere daterte prøver fra hvert enkelt hovedlag vært ønskelig. Denne mangelen blir delvis oppveid av at prøvene er en serie i en stratigrafisk rekke, der også daterende gjenstander finns"(1991:36). Våre seriedateringar dekker to nivå i lag 2 samt lag 3.

Serieprøvene er ikkje basert på enkeltfragment av trekol, men samla trekolmengd i utsolda masser frå i gjennomsnitt ca. 25 cm x 5 cm x 5 cm store prøveuttak i profil N-S 55Y (teikning 94-13). For lag 3 som er svært trekolfattig er prøva akseleratordatert.

Frå lag 2 er det teke to prøver. Den øvre tilsvarar mekanisk gravingslag 2a og gir dateringa ukalibrert 2100+/-60 år før notid, kalibrert til 190-30 f.Kr. dvs førromersk jernalder. Den nedre tilsvarar mekanisk gravningslag 2b+c og gir ei ukalibrert datering til 2630+/-70, kalibrert til 830-780 f.Kr., dvs. yngre bronsealder.

Desse to prøvene refererar derved ikkje til ulike stratigrafiske lag. Men kan vise til ein gradvis akkumulasjon av masse over tid.

Frå lag 3 gir serien ei prøve datert til ukalibrert 3500 +/-60 år før notid, kalibrert til 1895-1735, dvs. overgang seinneolittikum-bronsealder. Det var som nemnt vanskeleg å finne nok daterbart trekol i lag 3. Laget er så og seie trekolfritt.

Skal så lag 3 forståast som seinneolittisk eller bronsealder?

Tesa under arbeidet var at lag 3 sto for restar av mellomneolittisk og mogleg seinnesolittisk lag. Med vektlegging av yngre steinbrukande tids lag, funn og strukturar vart difor graving av lag 3 ikkje prioritert bortsett frå i felt B.

Berre eit mikroavslag synest bere preg av flatretusjering i lag 3. Om lag 3 verkeleg representerar ei seinneolittisk/eldre bronsealder fase er denne relativt godt avgrensa frå dei andre delar av yngre steinbrukande tid. Særleg teke i betraktning av at lag 2 andre stadar gir eldre seinneolittisk datering. Og at strukturar knytt til lag 2 har eldrebronsealder datering. Det synest langt meir truleg å forstå dei seinneolittiske elementa på buplassen også i samband med lag 2, sjølv om dette utvidar bruksrammene knytt til lag 2 betrakteleg og kompliserar ytterlegare forståinga av strukturane der.

Kvifor prøva så gir dei resultat ho gjer? Det er fyrst verdt å merke seg at andre forsøk på å finne trekolhaldig prøvematerial frå lag 3 mislykkast. Enten kan trekolmaterialet vere nedsig/forstyrning frå lag 2. Eller er lag 3 her ikkje rett forstått, med dei konsekvensar dette har for forståing av lag 3 i øvre delar av buplassen om dette er ei generell feilbedømming. Eller ei mindre lokal. Eg vil tru pga. elles manglande trekolinnhald i lag 3 at dette er snakk om forstyrning frå lag 2s nedre delar. Det kan med andre ord vere teikn på eit lagskille innanfor lag 2. Eg vil gjere merksam på at denne serien prøver er teke i umiddelbar nærleik til pollenprøver-serie 2.

Å også sjå litt nærare på lag 3 oppe i bakken eller på flata bør om ein vel å fortsetje gravinga vere vesentleg. Foreløpig held eg fast på mine tvil om at laget skal vere seinneolittisk eller yngre generelt.

Str.7, ei helledekt grop som går gjennom lag 2 og 3 er datert utifrå det markante og godt bevarte laget av store trekolbitar i botnivå (teikning 94-15). Prøva gir ei ukalibrert datering av strukturens botn til 3000+/-60, kalibrert til 1310-1130 dvs. eldre bronsealder.

Str.17 er ei trekolhaldig nedskjering frå lag 2 gjennom lag 3 og med heller i botn. Prøva er utteken over hellene. Strukturen kan tolkast som eldstad, men og på anna vis som t.d. stolpehol. Strukturen ligg ikkje så langt unna serieprøvene/pollenanalysene. Ukalibrert gir prøva frå str.17 ei datering til 3060 +/-60, kalibrert til 1410-1220 f. Kr., dvs. eldre bronsealder.

Str.B-1 er knytt til trekolhaldig og steinsett grop i lag 1 torv (teikning 94-6). Prøva er teken frå dei store trekolbitane i strukturens botn, men ikkje frå området som berører eller skjer ned i lag 2. Ukalibrert gir prøva 1300+/-60 før notid, kalibrert 670-780 e.Kr., dvs. merovingartid.

Summerar ein opp dateringsresultata gir lag 2 dateringar til seinneolittikum og yngre bronsealder/førromersk jernalder. Strukturar knytt til same lag gir eldre bronsealderdatering. Dette skulle tilsei at laget er resultat av samanhengande eller gjentatt bruk innanfor bortimot 2500 år.

Lag 3 vert i allefall foreløpig framleis forstått som mellomneolittisk, kanskje også seinmesolittisk, sjølv om dette siste ikkje er belagt ved dateringsprøver. Serieprøve frå lag 3 vert sett bort frå.

Funn

Utgraving av lok.2 Buholmvika ga tilsaman 2934 funn.

Funn frå lag 2 utgjer 2382 av desse. Funn frå lag 3 306.

Bortsett frå delar av felt B er ikkje dei opna områda totalgrevne.

Sidan lag 2 på felt C og D er særleg prioritert er enkelte faser av buplassen funnmessig betre belyst enn andre. Dei ovannemnde tala gir difor ingen eigentleg informasjon om relasjonar mellom funnmengdene i dei ulike laga.

Dei få daterande funna frå prøvestikka i forundersøkinga peika mot seinmesolittikum-mellomneolittikum. Funn frå årets undersøking stadfestar dette, men syner at yngre steinbrukande tid er mest markant representert.

Rapport Arkeologiske utgravingar Leinøy/Bergsøy 1994

Funntype	Kode	FL	MY	KV	EK	KS	RH?	SK	BA	DB	SS	KL?	OK	SUM
vanleg flekke	1.1.1	1							2					3
smalflekk	1.1.2	5												5
mikroflekk	1.1.3	20			6	4								30
a. sær l. kjernefrag.	1.2.2	2												2
flekkelikn. avslag	1.2.3	8			1									9
avslag slipt flint	1.3.1	1												1
avslag slipt b.a.	1.3.2								3					3
bit	1.4	9		7	18	1								35
avslag, makro	1.5.1	6		1				1						8
avslag, vanleg	1.5.2	836	2	138	128	32		7	5		1	1		1150
avslag, mikro	1.5.3	977	1	140	168	32		4	2					1325
kjerne m to plattf.	2.2				1									1
bipolar kjerne/ kjernefragm.	2.3	44			7								1	52
andre kjerner/ kjernefr.	2.4	6			4	1								11
slipt trinnøks	4.2.1									1				1
bergartsmeisel	4.7.2								1					1
spiss?	9	2												2
flatret. spiss	9.4.	12												1
skiferapiss	9.6.0							1						1
skiferapiss	9.6.2							4						4
slipt skiferemne	9.6.6							4						4
skrapar	11.	2												2
retusjert avslag	12.1.	16			4	1	1							22
retusjert flekke	12.2.1	3												3
retusj. mikroflekk	12.2.3	8			1									9
slipeplate	15.1					2					2		1	5
knakkestein	15.2					3							7	10
målestein	15.4												3	3
pimpstein	15.5													51
pimpstein m slitespor	15.5.1													2
asbestflis	20.2.1													32
asbestkeramikk	20.2.2													26
brent leire?	20													1
bergkrystall	93				1									1
brent nøtteskal	95													31
råstoffblokk	96			6										6
flintknoll	97	10												10
vassrulla avslag	98	17												17
	Sum	1975	3	292	339	76	1	21	12	1	3	1	12	2881

Oker og bein er teke ut av oversikta. 5 einingar bein og 8 oker.

Funnoversikt Lok. 2 Buholmvika B-15080 1994: 2881 funn

Rapport Arkeologiske utgravingar Leinøy/Bergsøy 1994

Funntype	Kode	FL	KV	KS	BA	BR	SK	KL ?	MY	SS	RH ?	UK	Sum
vanleg flekke	1.1.1	1			2								3
smalflekke	1.1.2	3											3
mikroflekke	1.1.3	13		4		4							21
a. særlege kjernefragm.	1.2.2	1											1
flekkelikn. avslag	1.2.3	8				1							9
avslag slip	1.3	1			3								4
bit	1.4	9	5			16							30
avslag, makro	1.5.1	6	1				2						9
avslag, vanleg	1.5.2	694	129	29	7	109	6	1		1			976
avslag, mikro	1.5.3	809	136	30	2	136	4		1				1118
bipolar kjerne/kjernefr.	2.3/ 2.5.3	30				6						1	37
anna kjerne/kjernefr.	2.4/ 2.5.4	5		2		4							11
spiss ?	9	2											2
flatret. spiss	9.4.	2											2
skiferspiss	9.6.						3						3
slipt skiferemne	9.6.6						3						3
skrapar	11.	1											1
retusjert avslag	12.1	13		1		2					1		17
retusjert flekke	12.2.1	1											1
ret.mikroflekke	12.2.3	2											2
slipeplate	15.1			1						2			3
knakkestein	15.2			5								4	9
malestein	15.4											1	1
pimpstein	15.5												12
pimpstein m slitespor	15.5.1												1
asbestflis	20.2.1												32
asbestkeramikk	20.2.2												26
oker	95.3												2
brent nøtteskal	95												22
råstoffblokk	96		5										5
flintknoll	97	9											9
vassrulla avslag	98	13											13
	Sum	1623	276	72	14	278	18	1	1	3	1	6	2388

Funnoversikt
Lok.2 Buholmvika
Lag 2: 2382 funn

Inkluderar ikkje strukturar.
Feil på 6 funn.

Funntype	Kode	FL	KV	EK	SK	UK	DB	SUM
mikroflekke	1.1.3	5		2				7
a. særlege kjernefragm.	1.2.2	1						1
bit	1.4		2	2				4
avslag, vanleg	1.5.2	81	1	13				95
avslag, mikro	1.5.3	117	3	10				130
kjerne m to plattf.	2.2			1				1
bipolar kjerne	2.3	4						4
andre kjerner	2.4	1						1
bipolar kjernefr.	2.5.3	6		1				7
slipt trinnøks	4.2.1						1	1
skiferspiss	9.6.2				2			2
retusjert avslag	12.1.0	3		2				5
retusjert flekke	12.2.1	2						2
retusjert mikroflekke	12.2.3	5		1				6
slipeplate	15.1					1		1
knakkestein	15.2					1		1
malestein	15.4					1		1
pimpstein	15.5							30
pimpstein m slitespor	15.5.1							1
brent leire?	20							1
oker	95.3							
råstoffblokk	96		1					1
flintknoll	97	1						1
vassrulla avslag	98	4						4
	sum	230	7	32	2	3	1	306
Funnoversikt Lok. 2 Buholmvika Lag 3: 306 funn								

Mikroflekker

Ingen dateringar er knytt til seinmesolittikum på lok.2. 39 mikroflekker derav 9 retusjerte og 5 smalflekker kom fram i år. Yngre steinbrukande faser kan gje avslag som er mikroflekkeliknande (Prescott 1991:45). Disse har imidlertid mindre markant slagbule, pga. flatretusjeringsteknikk og vert derved flatare. Slike yngre mikroflekkeliknande avslag er forsøkt katalogisert som avslag. Eindel glippar kan likevel forekome. Hovedtyngda av mikroflekkene ligg i lag 2 sjølv om lag 3 og har ein del mikroflekker. Dette blir forstått i samsvar med stratigrafi slik at seinmesolittisk bruksspor er forstyrra av yngre aktivitet.

Slipt trinnøks

Funn av eit eggfragment av ei slipt trinnøks i diabas på overgangen mellom lag 2 og 3, kan og sjåast i dette lyset (B-15081-171). Pga. tendensar til sidefasettar på fragmentet peikar òksa mot seinare øksetyper og enkelte vil hevde at den er heilt frå sluttfasen i seinmesolittikum. Pga. at eggfragmentet sto opp kan det her vere snakk om ei intensjonell sekundær plassering. Øksefragmentet kan, men treng difor ikkje stamme frå buplassen.

Skiferbruk

Undersøkinga ga 21 skiferfunn, 5 spissar/spissfragment og 4 slipte skiferemne. Materialet er ikkje heilt identisk i alle skifergjenstandane. Særleg ein spiss er av noko grønarare og hardare kvalitet enn hovedtyngda. Det kan ver at hovedtyngda er labradoritt. 4 spissar har eit rombisk bladsnitt noko som tilseier mellomneolittisk datering.

Som mikroflekkene er også skiferspissar og andre skiferartefaktar blanda inn i yngre lag. At hovedtyngda av skifermaterial er funne i lag 2, synest imidlertid meir eit produkt av at lag 2 utgravingsmessig er prioritert.

Ei datering frå prøvestikk S1 i 1993 ga 3850 BP ukalibrert, kalibrert ligg denne mellom 2460 og 2150 f.Kr. Denne datering ligg i grenseland mellomneolittikum-seinneolittikum og er ikkje eigna til å påvise mellomneolittisk fase, sjølv om denne heilt klart er til stades.

Kjerner

Kjernematerialet er dominert av bipolare kjerner hovedsakleg i flint men også bergkrystall. Det er funne 52 bipolare kjerner og kjernefragment. Bipolare kjerner er relativt lite diagnostiske og kan ikkje eitydig brukast i dateringssamanheng. Den omfattande bruken syner imidlertid at flint har blitt utnytta til grensa av det moglege. For små bergkrystallar er bipolar teknikk kanskje einast moglege?

1 kjerne med to plattformar i bergkrystall kan vere sylindrisk. Sylindrisk kjerne kjem inn i tidlegneolittikum. I fylgje Nærøy 1994:24 går flekketeknologi knytt til sylindriske kjerner gradvis av bruk ved overgangen tidlegneolittikum-mellomneolittikum, ein overgang som han set til kring 4700 BP ukalibrert. Ei mogleg sylindrisk kjerne synest eg kanskje gir for svake argument for å snakke om tidlegneolittisk fase på Leinøy-Bergsøy.

26 andre kjerner/kjernefragment i flint, bergkrystall og kvartsitt er vanskelegare å definere.

Bergartsmeisel

I massen frå grøftas øvre delar på flata er funne ein bergartsmeisel som er katalogisert som firsidig grønstainsmeisel under store tvil. Tvilen har etterkvart blitt noko sikrare og B-15081-37 ser svært ut som ein meisel etter sandshamnsøksmønster.

Flatretusjeringsprodukt

Ein liten svært forseggjort flatretusjert flintspiss med innboga basis og delvis avslåtte tangar er funne i lag 2b. Denne (B-15081-327) er seinneolittisk. Vidare er ein mindre fint utført flatretusjert tringulær flintspiss med ein meir runda basis funne i same lag. Denne (B-15081-181) er yngre.

Det er ikkje rekna på mengda av funn knytt til flatretusjeringsteknikk. Funna i lag 2 er imidlertid dominert av desse. Materialet er i hovedsak flint, men ein fin kvit kvartsitt er og karakteristisk og synest identisk med tilsvarande frå lok.1 Buholmlegene.

Enkelte flatretusjerte avslag o.a. er av klart betre kvalitet enn andre og det kan ver at enkelte av desse, t.d. skrapar B-15081-40 er slått av flatretusjerte praktsaker.

Asbest og asbestkeramikk

I lag 2 på felt C og D er det funne 26 bitar asbestkeramikk og 32 asbestflis.

Asbestkeramikken består av grove småfragment, derav eitt randskår. Randskåret er for lite til å sei noko om form. Det er ikkje observert dekor på keramikken. Asbestkeramikken er i relativt dårleg stand sjølv om kvart av skåra i hovedsak består av både indre og ytre sider, -ein del asbestflis kan difor vere restar etter fullstendig oppløyse keramikkskår. Men iallefall ei flis er så stor at den ikkje kan ha vore brukt i sjølv den grovaste asbestkeramikk, men må sjåast som råstoff

I denne samanhengen kan det vere på sin plass å minne om Flatebakken-materialaet frå Kvamsøy rett sør av Herøy. Ågotnes antydgar her asbestkeramikkproduksjon hovedsakleg utifrå råasbest (14 stk) ved sida av leirkarskår (1976:57).

Asbestkeramikken vert rekna for mest truleg å kome inn i eldre bronsealder og opphøyre produsert eit stykke ut i førromerk jernalder. "Enkelte indikasjoner på at keramikken er i bruk lengere ut i KT finnes" (Prescott 1991:98). På lok.2 Buholmvika er 16 bitar av dei 26 asbestkeramikkbittane funne i det øvre gravningsskiktet 2a og 8 i 2b. Asbestflis er representert med 12 i lag 2a, 19 i lag 2b og 1 i lag 2c. Dette støttar i ei viss grad opp om at lag 2 trass homogenitet kan representere ein viss gradvis akkumulasjon. Lag 2 gir både yngre bronsealder (2b-c) og førromerskjernalderdatering (2a). Den førromerske dateringane tilhøyre yngre del av perioden (190-30f.Kr.). Å bruke denne noko vanskelege konteksten til å strekke asbestkeramikken oppover i førromersk jernalder kan synest spekulativt. Men spørsmålet er iallefall reist.

Asbestkeramikken syner iallefall at om eldre funn er blanda opp i øvre lag, er yngre funn ikkje blanda ned i eldre lag (3). Kvartsitten også.

Asbestkeramikk eller asbestflis er funne i dei fleste ruter i felt C og D, med mest i aust og sør.

	44	45	46	47	48	49	50	51	52	53	54
52							2	1	1	1	
51							1		2	1	
50							/	/	/1	/	/3
49									/1	/1	/4
48									3	1	2

Funn-	Asbestkeramikk
fordeling	
Lok.2	Buholmvika
Lag 2	50Y berre 2a, 49-50X berre 2 kvadrantar
26 funn	52 X felt B berre 2a-b

Kleber

Eit kleberstykkje er funne i lag 2. At dette er ført som avslag vanleg fortel berre om storleiken.

Oker og bein

Ein del oker vart funne i botn lag 2/topp lag 3 i felt D nordaust, bl.a. i snitt 2 str.21-33-35 der også ein del små dårleg bevarte fragment av bein vart funne. Beina synest ikkje å stamme frå pattedyr, er meir som fiskebein. Resultat av analyse ligg ikkje føre.

Generell funnspreiing

Det er klart større funnmengder i øvre del bakke og flate enn i felt B. Sidan lag 2a er grevne i heile det opna området er dette laget eigna til å syn eit meir generelt fenomen.

	44	45	46	47	48	49	50	51	52	53	54
52	16	21					53	46	32	40	40
51	17	23					30	25	64	70	86
50							/18	/14	/26	/12	/12
49									/15	/20	/22
48									30	51	58

Funnfordeling

Lok.2 Buholmvika
Lag 2a 845 stk
49 og 50 X repr. berre 2 kvadr.

Råstoff

Det gravde areal på lokaliteten gir fylgjande råstoff fordeling blandt steinartefakter:

<u>råstoff</u>	<u>totalt %</u>	<u>lag 2 %</u>	<u>lag 3 %</u>
flint	72,4	71,1	83,6
kvarts	10,7	12,1	2,6
bergkrystall	12,4	12,2	11,6
kvartsitt	2,8	3,0	0
skifer	0,8	0,8	1,1
bergart	0,4	0,5	0,4
ukjendt	0,4	0,3	0,7

Flint dominerar men i sterkare grad i lag 3, der kvartsmengda er lågare og kvartsitt manglar. det er her verdt å merke seg at kvartsittmangelen på lok.3 Buholmlegene (sjå neste kapittel) har sin paralell i lag 3 på lok.2.

Oppsummering

Lokaliteten er busett i fleire faser. Seinmesolittiske element (mikroflekk, slipt trinnøks) og særleg mellomneolittiske element (rombiske skiferspissar og anna skifermaterial) er forstyrta av yngre busetjing.

